



**Statistikk over egedomsdrift,
forretningsmessig tenesteyting og
utleigeverksemd 2001**

**Real Estate, Renting and Business
Activities 2001**

Noregs offisielle statistikk

I denne serien blir det hovudsakleg publisert primærstatistikk, statistikk frå statistiske rekneskapssystem og resultat frå spesielle teljingar og undersøkingar. Serien har først og fremst referanse- og dokumentasjonsformål. Presentasjonen skjer vesentleg i form av tabellar, figurar og nødvendig informasjon om datamaterialet, innsamlings- og arbeidsmetodar, omgrep og definisjonar. I tillegg blir det gitt ei kort oversikt over hovudresultata.

Serien omfatter òg publikasjonane Statistisk årbok og Svalbardstatistikk.

Official Statistics of Norway

This series consists mainly of primary statistics, statistics from statistical accounting systems and results of special censuses and surveys, for reference and documentation purposes. Presentation is basically in the form of tables, figures and necessary information about data, collection and processing methods, and concepts and definitions. In addition, a short overview of the main results is given.

The series also includes the publications Statistical Yearbook of Norway and Svalbard Statistics.

© Statistisk sentralbyrå, november 2003
Dersom materiale frå denne publikasjonen blir nytta, ver vennleg å gi opp Statistisk sentralbyrå som kjelde.

ISBN 82-537-6485-5 Trykt versjon
ISBN 82-537-6486-3 Elektronisk versjon
ISSN 0808-2154

Emnegruppe

10.14 Eigedomsdrift, forretningsmessig tenesteyting og utleigeverksemd

Design: Enzo Finger Design
Trykk: Kopisenteret, SSB/290

Standardteikn i tabellar	Symbols in tables	Symbol
Tal er umogleg	Category not applicable	.
Oppgåve manglar	Data not available	..
Oppgåve manglar førebels	Data not yet available	...
Tal kan ikkje offentliggjera	Not for publication	:
Null	Nil	-
Mindre enn 0,5	Less than 0.5 of unit	
av den brukte eininga	employed	0
Mindre enn 0,05	Less than 0.05 of unit	
av den brukte eininga	employed	0,0
Førebelse tal	Provisional or preliminary figure	*
Brot i den loddrette serien	Break in the homogeneity of a vertical series	—
Brot i den vassrette serien	Break in the homogeneity of a horizontal series	
Desimalskiljeteikn	Decimal punctuation mark	,(.)

Føreord

Denne publikasjonen inneheld statistikk over eigedomsdrift, forretningsmessig tenesteyting og utleigeverksemd i 2001.

Statistikken for 2001 er hovudsakleg utarbeidd etter dei same retningslinjene som for 2000. Den er basert på Næringsoppgåve (NO) og eit spørjeskjema for føretak innanfor eigedomsdrift, forretningsmessig tenesteyting og utleigeverksemd. Ajourføring av næring i Bedrifts- og føretaksregisteret har ikkje medført nokre endringar av statistikken for 2000, men investeringane for 2000 er utrekna på nytt på grunn av endra metode for utrekning og forbetra datagrunnlag.

Statistikken er tilpassa EU si forordning for strukturstatistikk. Forordninga krev først og fremst statistikk på føretaksnivå. Av omsyn til nasjonalrekneskapen og andre norske brukarar, er det òg utarbeidd bedriftsstatistikk for nokre variablar.

Publikasjonen gir opplysningar om talet på føretak og bedrifter, sysselsetjing, lønnskostnader, omsetning, investeringar, produksjonsverdi, bearbeidingsverdi samt ein del andre variablar. I tillegg til dei tabellane som er tekne med i denne publikasjonen, er det mogleg å bestille ei rekkje andre eller meir detaljerte tabellar ved direkte kontakt med Statistisk sentralbyrå (jf. kapittel 7). Desse tabellane er det mogleg å få elektronisk eller på papir.

Statistikken er tidlegare publisert på Internett (<http://www.ssb.no/stefu/>).

Arbeidet med publikasjonen har vore leia av rådgjevar Lars Henrik Thingstad. Ansvarleg seksjonsleiar er Roger Jensen, Seksjon for bygg- og tenestestatistikk.

Statistisk sentralbyrå
Oslo/Kongsvinger, 17. september 2003

Svein Longva

Nils Håvard Lund

Preface

In this publication Statistics Norway presents statistics for real estate, renting and business activities in 2001.

The 2001 statistics have been compiled mainly according to the same guidelines as for 2000. The statistics are based on Directorate of Taxes' General Trading Statements (NO) and a questionnaire for enterprises in real estate, renting and business activities. The NACE codes of some enterprises and local kind-of-activity units have been revised in the Central Register of Establishments and Enterprises. The 2000 figures in the enclosed tables have not been adjusted, but the investments figures for 2000 have been recalculated due to altered calculation methods and improved data.

The annual statistics are adapted to the EU regulation on structural statistics, which primarily requires statistics at the enterprise level. Statistics on the local kind-of-activity unit (KAU) level have also been compiled for some variables for national accounts and other Norwegian users.

The publication gives information on the number of enterprises and local KAUs, employment, compensation of employees, turnover, investments, production value, added value and some other variables. In addition to the tables included in this publication, a number of other and more detailed tables may be obtained by applying directly to Statistics Norway (cf. chapter 7). These can be transmitted electronically on diskette or on paper.

The statistics have previously been published on the Internet (http://www.ssb.no/stefu_en/).

The publication has been prepared under the supervision of Mr. Lars Henrik Thingstad. Responsible Head of Division is Mr. Roger Jensen, Division for Construction and Service Statistics.

Statistics Norway
Oslo/Kongsvinger, 17 September 2003

Svein Longva

Nils Håvard Lund

Innhald

Figurregister	7
Tabellregister.....	7
Tekstdel	
1. Hovudresultat og bruk av tabellane	9
1.1. Hovudresultat	9
1.2. Bruk av tabellane	12
2. Bakgrunn og føremål.....	12
2.1. Føremål og historie	12
2.2. Brukarar og bruksområde	12
3. Om produksjonen av statistikken	12
3.1. Omfang	12
3.2. Datakjelder	13
3.3. Utval	13
3.4. Datainnsamling.....	13
3.5. Oppgåvebyrde.....	14
3.6. Kontroll og revisjon.....	14
3.7. Analyse.....	14
4. Omgrep, kjennemerke og grupperingar.....	15
4.1. Definisjon av dei viktigaste omgrepa.....	15
4.2. Definisjon av dei viktigaste kjennemerka.....	15
4.3. Standard grupperingar	16
5. Feilkjelder og uvisse	17
5.1. Innsamlings- og bearbeidingsfeil	17
5.2. Utvalsfeil.....	17
5.3. Ikkje-utvalsfeil	17
6 Samanlikningar og samanheng.....	18
6.1. Samanlikningar over tid og stad.....	18
6.2. Samanheng med annan statistikk	18
7. Kvar ein finn statistikken.....	18
7.1. Internettadresse	18
7.2. Språk	18
7.3. Publikasjonar	18
7.4. Lagring og bruk av grunnmaterialet.....	18
7.5. Annan dokumentasjon	18
Tekst på engelsk	19
Tabelldel på norsk	30
Vedlegg	
A. Næringsoppgåve 1 for 2001	58
B. Næringsoppgåve 2 for 2001	66
B. Spørjeskjema for forretningsmessig tenesteyting 2001	76
C. Spørjeskjema for strukturundersøking 2001.....	82
Tidlegare utgitt på emneområdet.....	85
Dei sist utjevne publikasjonane i serien Noregs offisielle statistikk.....	86

Contents

List of figures	8
List of tables	8
Text	
1. Main results and use of the tables	19
1.1. Main results	19
1.2. Use of the tables	22
2. Background and purpose	22
2.1. Purpose and history	22
2.2. Users and applications	22
3. System and implementation	22
3.1. Scope	22
3.2. Data sources	23
3.3. Sample	23
3.4. Collection of data	23
3.5. Reporting and record-keeping burden	25
3.6. Control and revision process	25
3.7. Analysis	25
4. Terms, variables and classifications	25
4.1. Definition of the main terms	25
4.2. Definition of the main variables	26
4.3. Standard classification	27
5. Sources of error and uncertainty	27
5.1. Collection and processing errors	27
5.2. Sampling errors	28
5.3. Non-sampling errors	28
6. Comparability and correlation	28
6.1. Comparability over time and place	28
6.2. Correlation with other statistics	28
7. Availability	29
7.1. Internet address	29
7.2. Language	29
7.3. Publications	29
7.4. Storing and uses for basic material	29
7.5. Other documentation	29
Tables in English	44
Appendices	
A. General Trading Statements no. 1 2001	58
B. General Trading Statements no. 2 2001	66
C. Questionnaire for the industrial section 2001	76
D. General questionnaire for structural statistics 2001	82
Previously issued on the subject	85
Recent publications in the series Official Statistics of Norway	86

Figurregister

1.1. Føretak og bedrifter, etter næring. 2001	10
1.2. Sysselsette, etter næring. Føretak og bedrifter. 2001	10
1.3. Omsetning, etter næring. Føretak og bedrifter. 2001.....	11
1.4. Lønnskostnader, etter næring. Føretak og bedrifter. 2001	11
3.1 Føretak, etter sektorkode. 2001	12
3.2 Omsetning, etter sektorkode. Føretak. 2001	13

Tabellregister

1. Hovudtal, etter næringsundergruppe. Bedrifter. 2000 og 2001	30
2. Hovudtal, etter sysselsetjingsgruppe og næring. Bedrifter. 2001	31
3. Hovudtal for næringshovedområdet, etter fylke. Bedrifter. 2001	31
4. Hovudtal, etter region og næringshovudgruppe. Bedrifter. 2001	32
5. Hovudtal, etter næringsundergruppe. Føretak. 2000 og 2001	36
6. Hovudtal, etter sysselsetjingsgruppe og næringshovudgruppe. Føretak. 2001	40
7. Investeringar, etter type anleggsmiddel og næringsundergruppe. Føretak. 2001	42
8. Investeringar, etter art og næringsundergruppe. Føretak. 2001	43

List of figures

1.1. Number of enterprises and local kind-of-activity units, by division. 2001	20
1.2. Employment, by division. Enterprises and local kind-of-activity units. 2001	20
1.3. Turnover, by division. Enterprises and local kind-of-activity units. 2001	21
1.4. Compensation of employees, by division. Enterprises and local kind-of-activity units. 2001.....	21
3.1. Enterprises, by sector. 2001	23
3.2. Turnover, by sector. Enterprises. 2001	23

List of tables

1. Principal figures, by industry subclass. Local kind-of-activity units. 2000 and 2001	44
2. Principal figures, by number of persons employed and industry division. Local kind-of-activity units. 2001	45
3. Principal figures for the industrial section, by county. Local kind-of-activity units. 2001	45
4. Principal figures, by region and industry group. Local KAUs.2001	46
5. Principal figures, by industry subclass. Enterprises. 2000 and 2001	50
6. Principal figures, by number of persons employed and industry division. Enterprises. 2001	54
7. Investments, by group of fixed assets and industry subclass. Enterprises. 2001	56
8. Investments, by category and industry subclass. Enterprises. 2001	57

1. Hovudresultat og bruk av tabellane

1.1. Hovudresultat

Føretak

Totalt var det 73 348 føretak med 229 936 sysselsette personar innanfor eigedomsdrift, forretningsmessig tenesteyting og utleigeverksemd i 2001. Føretaka hadde ei omsetning på 252,9 milliardar og lønnskostnader på 75,4 milliardar kroner. Dette inneber ein vekst på høvesvis 11,7 og 7,7 prosent mot 2000, medan talet på sysselsette personar vart redusert med 0,2 prosent.

NACE 70 Omsetning og drift av fast eigedom (utan NACE 70.201).

Innanfor næringa var det 26 512 føretak med 22 041 sysselsette personar i 2001. Omsetninga var på 66,1 milliardar, medan lønnskostnadene utgjorde på 6,4 milliardar kroner. Dette inneber ein vekst på høvesvis 13,9 og 5,7 prosent mot 2000, medan talet på sysselsette personar fall med 3,5 prosent.

NACE 71 Utleige av maskiner og utstyr utan personell. Utleige av hushaldsvarer og varer til personleg bruk. Innanfor næringa var det 2 466 føretak med 6 167 sysselsette personar i 2001. Omsetninga var på 13,5 milliardar, medan lønnskostnadene utgjorde 1,7 milliardar kroner. Dette inneber ein vekst i omsetninga på 15,0 prosent, medan lønnskostnadene fall med 1,3 prosent mot 2000. Talet på sysselsette personar vart redusert med 6,5 prosent frå 2000 til 2001.

NACE 72 Databehandlingsverksemd.

Innanfor næringa var det 7 246 føretak med 38 295 sysselsette personar i 2001. Omsetninga var på 46,3 milliardar, medan lønnskostnadene utgjorde 19,3 milliardar kroner. Dette inneber ein vekst på høvesvis 15,7 og 12,6 prosent mot 2000, medan talet på sysselsette personar auka med 5,5 prosent.

NACE 73 Forsking og utviklingsarbeid.

Innanfor næringa var det 256 føretak med 6 792 sysselsette personar i 2001. Omsetninga var på 5,0 milliardar, medan lønnskostnadene utgjorde 2,8 milliardar kroner. Dette inneber ein vekst på høvesvis 2,8 og 1,6 prosent frå 2000, medan talet på sysselsette personar auka med 0,7 prosent.

NACE 74 Anna forretningsmessig tenesteyting (utan NACE 74.150).

Innanfor næringa var det 36 868 føretak med 156 641 sysselsette personar i 2001. Omsetninga var på 122,1 milliardar, medan lønnskostnadene utgjorde 45,1 milliardar kroner. Dette inneber ein vekst på høvesvis 9,1 og 6,7 prosent mot 2000, medan talet på sysselsette personar vart redusert med 0,8 prosent.

Bedrifter

Totalt var det 75 148 bedrifter med 232 551 sysselsette personar innanfor eigedomsdrift, forretningsmessig tenesteyting og utleigeverksemd i 2001. Bedriftene hadde ei omsetning på 256,3 milliardar og lønnskostnader på 76,6 milliardar kroner. Dette inneber ein vekst på høvesvis 11,7 og 7,9 prosent mot 2000, medan talet på sysselsette personar vart redusert med 0,2 prosent.

NACE 70 Omsetning og drift av fast eigedom (utan NACE 70.201).

Innanfor næringa var det 26 823 bedrifter med 23 855 sysselsette personar i 2001. Omsetninga var på 67,7 milliardar, medan lønnskostnadene utgjorde 6,6 milliardar kroner. Dette inneber ein vekst på høvesvis 14,8 og 7,4 prosent mot 2000, medan talet på sysselsette personar gjekk ned med 1,0 prosent.

NACE 71 Utleige av maskiner og utstyr utan personell. Utleige av hushaldsvarer og varer til personleg bruk.

Innanfor næringa var det 2 682 bedrifter med 6 029 sysselsette personar i 2001. Omsetninga var på 13,3 milliardar, medan lønnskostnader utgjorde 1,7 milliardar kroner. Dette inneber ein vekst i omsetninga på 12,1 prosent mot 2000, medan lønnskostnadene og talet på sysselsette gjekk ned med høvesvis 3,0 og 8,1 prosent.

NACE 72 Databehandlingsverksemd.

Innanfor næringa var det 7 551 bedrifter med 38 179 sysselsette personar i 2001. Omsetninga var på 45,4 milliardar, medan lønnskostnadene utgjorde 19,2 milliardar kroner. Dette inneber ein vekst på høvesvis 13,4 og 12,3 prosent mot 2000, medan talet på sysselsette personar auka med 5,3 prosent.


NACE 73 Forsking og utviklingsarbeid.

Innanfor næringa var det 312 bedrifter med 8 157 sysselsette personar i 2001. Omsetninga var på 6,1 milliardar, medan lønnskostnadene utgjorde 3,4 milliardar kroner. Dette inneber ein vekst på høvesvis 6,6 og 6,9 prosent mot 2000, medan talet på sysselsette personar steig med 1,6 prosent.


NACE 74 Anna forretningsmessig tenesteyting (utan NACE 74.150).

Innanfor næringa var det 37 780 bedrifter med 157 331 sysselsette personar i 2001. Omsetninga var på 123,8 milliardar, medan lønnskostnader utgjorde 45,8 milliardar kroner. Dette inneber ein vekst på høvesvis 9,7 og 6,7 prosent mot 2000, medan talet på sysselsette personar vart redusert med 1,1 prosent.


Figur 1.1. Føretak og bedrifter, etter næring. 2001




Figur 1.2. Sysselsette, etter næring. Føretak og bedrifter. 2001



Figur 1.3. Omsetning, etter næring. Føretak og bedrifter. 2001



Figur 1.4. Lønnskostnader, etter næring. Føretak og bedrifter. 2001



1.2. Bruk av tabellane

Ajourføring av næring i Bedrifts- og føretaksregisteret har ikkje medført nokre revideringar av statistikken for 2000, men investeringane for 2000 er utrekna på nytt på grunn av endra metode for utrekning og forbetra datagrunnlag.

2. Bakgrunn og føremål

2.1. Føremål og historie

Statistikken skal vise strukturen i næringshovedområdet K Eigedomsdrift, forretningsmessig tenesteyting og utleigeverksemd på bakgrunn av tal frå rekneskapsåret 2001. Statistikken vart første gong publisert i 1979, og er publisert i dagens form sidan 1995.

2.2. Brukarar og bruksområde

Den årlige strukturstatistikken vert produsert med bakgrunn i nasjonalrekneskapsrapporten (NR) sitt behov for data samt etter EU si forordning for strukturstatistikk. I tillegg ynskjer departement og ulike bransjeforeiningar talmaterialet i tillegg til at samfunnet sitt behov for informasjon skal verte dekkja. Næringslivet og andre brukarar tingar òg spesielt tilpassa statistikk for eigedomsdrift, forretningsmessig tenesteyting og utleigeverksemd i form av oppdrag.

3. Om produksjonen av statistikken

3.1. Omfang

Statistikken for eigedomsdrift, forretningsmessig tenesteyting og utleigeverksemd er inndelt etter NACE¹-standard og omfattar næringane:

- | | |
|----|---|
| 70 | Omsetning og drift av fast eigedom |
| 71 | Utleige av maskiner og utstyr utan personell.
Utleige av hushaldsvarer og varer til personleg bruk |
| 72 | Databehandlingsverksemd |
| 73 | Forskning og utviklingsarbeid |
| 74 | Anna forretningsmessig tenesteyting |

Statistikken omfattar som tidlegare nemnt næringshovedområdet K, men næringsundergruppene 70.201 Burettslag og 74.150 Management-Holdingseselskap er ikkje inkludert.

EUs strukturforordning krev først og fremst statistikk på føretaksnivå. Vidare er det av omsyn til nasjonalrekneskapsrapporten og andre norske brukarar, òg utarbeidd bedriftsstatistikk for variablane sysselsetjing, omsetning, lønnskostnader og investeringar. Vi gjer merksam

på at dei bedriftsbaserte tala viser høgare verdiar enn dei føretaksbaserte. Dette kjem av at føretak vert plassert i den næringsundergruppa som står for hovuddelen av deira aktivitet og dermed kan bli plasserte i ei anna næring enn enkelte av bedriftene i føretaket (sjå pkt. 4 Omgrep, kjennemerke og grupperingar).


Dei aller fleste føretaka innanfor næringane 70, 71, 72, 73 og 74 inngår i strukturstatistikken for eigedomsdrift, forretningsmessig tenesteyting og utleigeverksemd dersom dei er registrerte med aktiv verksemd i Noreg i statistikkåret.

Unnataket er føretak innanfor stats- og trygdeforvaltninga, fylkeskommunar og kommunar, dvs. føretak med sektorkodane 110, 510 eller 550. Føretak innanfor denne delen av offentlig forvaltning inngår **ikkje** i strukturstatistikken for eigedomsdrift, forretningsmessig tenesteyting og utleigeverksemd sjølv om dei formelt skulle drive verksemd som fell inn under næringane som er nemnde over.

Desse føretaka må ikkje forvekslast med føretak innanfor statens forretningsdrift, føretak som staten eig, statsføretak, kommunal forretningsdrift og sjølvstendige kommuneføretak, dvs. føretak med sektorkodane 610, 630, 635, 660 eller 680, som **er med** i statistikken dersom dei driv verksemd som fell inn under næringane over.


I 2001 var føretaka innanfor eigedomsdrift, forretningsmessig tenesteyting og utleigeverksemd fordelte på følgjande sektorar, jf. figurane 3.1 og 3.2:

Figur 3.1 Føretak, etter sektorkode. 2001



¹ Gjeldande Standard for næringsgruppering (SN94) i Statistisk sentralbyrå, som byggjer på EUs standard NACE Rev.1. Denne er publisert i serien NOS (Noregs offisielle statistikk) C 182 (1994).

Figur 3.2 Omsetning, etter sektorkode. Føretak. 2001



Hovudtyngda av føretaka er altså private føretak med avgrensa ansvar (aksjeselskap mv.) og personleg næringsdrivande (enkeltmannsføretak o.l.). Desse utgjør hhv. 57,7 og 34,3 prosent av føretaka. Ser ein derimot på del av omsetning, er hovudtyngda av føretaka private føretak med avgrensa ansvar (aksjeselskap mv.) og private føretak med avgrensa ansvar (aksjeselskap mv.) som er utenlandskatte, med høvesvis 62,2 og 20,3 av den totale omsetninga.

3.2. Datakjelder

Statistikken er bygd på Næringsoppgåve for 2001 (NO, vedlegg til sjølvmeldinga, sjå vedlegga A og B) og eit tilleggsskjema (vedlegg C) for eit utval av føretak innanfor eigedomsdrift, forretningsmessig tenesteyting og utleigeverksemd. For resten av føretaka er opplysningane² henta inn vha. Rekneskapsregisteret i Brønnøysund, Manntalet over meirverdiavgiftspliktige (Momsregisteret) og Strukturundersøkinga i Statistisk sentralbyrå (vedlegg D). Det vert òg vist til oversikt i pkt. 3.4.

Til hjelp ved innhentinga av opplysningane har vi nytta Det sentrale bedrifts- og føretaksregisteret i Statistisk sentralbyrå. For ajourføring av dette registeret er Momsregisteret og Einingsregisteret nytta, i tillegg til opplysningar frå bransjeorganisasjonar og direkte frå einsskilde føretak.

3.3. Utval

Populasjonen er inndelt i delpopulasjonar, kalla strata. I og med at ein ikkje har alle data for alle einingane som statistikken omfattar, må ein gjere ein del berekningar. Desse berekningane tek utgangspunkt i dei tilgjengelege data i dei ulike strata. Populasjonen er organisert etter følgjande strata før berekningane vert gjorde:

Næring	45 grupper, alle næringsgrupper/næringsundergrupper innanfor NACE-næringane 70, 71, 72, 73 og 74 på lågaste nivå (4- eller 5-siffer nivå)
Sysselsetjing	4 grupper, 1) føretak med 0 sysselsette (gjeld berre enkeltmannsføretak, selskap med delt ansvar og ansvarlege selskap) 2) føretak med 0-9 sysselsette (for føretak med 0 sysselsette er det eit krav om at dei ikkje er enkeltmannsføretak, selskap med delt ansvar eller ansvarlege selskap) 3) føretak med 10-49 sysselsette 4) føretak med 50 eller fleire sysselsette

Det er samtidig eit krav om at kvart strata minst må innehalde fem føretak. Er talet færre, vert sysselsetjings-gruppene slått saman med dei andre til kravet om minst fem føretak er oppfylt.

Dette gir maksimalt 4 strata pr. næring. For 2001 var talet på strata lik 127.

Alle føretak i kvar næringsundergruppe med over 100 sysselsette vert trekte med i utvalet. Dekningsgraden (dvs. omsetninga i utvalet i forhold til i populasjonen) utgjør 50 prosent totalt.

3.4. Datainnsamling

Det er henta inn fullstendig sett av oppgåver (NO med tilleggsskjema) frå 3 404 føretak. I tillegg er næringsoppgåva innhenta elektronisk for 9 653 føretak i samband med SLN (System for likning av næringsdrivande). For dei andre føretaka er det innhenta tal for omsetning og andre vesentlege rekneskapsopplysningar for 21 728 føretak frå årsrekneskap i Rekneskapsregisteret i Brønnøysund. Vidare er det innhenta tal for omsetning for 23 256 føretak frå Momsregisteret, og for dei andre 15 307 føretaka er omsetninga innhenta vha. Strukturundersøkinga i Statistisk sentralbyrå.

På denne måten får ein opplysningar frå alle føretak. Ei oversikt over datainnsamlinga viser følgjande:

² Nærmare omtalt i pkt. 3.7.

Populasjon, eigendomsdrift, forretningsmessig tenesteyting og utleigeverksemd 2001

Kjelde 2001	Føretak		Omsetning	
	Mengd	Del i pst.	Mill. kroner	Del i pst.
NACE 70, 71, 72, 73 og 74 Næringshovudområde K *	73 348	100,0	252 928	100,0
Fullstendig sett av NO med tilleggsskjema (utvalet) og sysselsetjing ev. frå Einingsregisteret	3 404	4,6	106 476	42,1
NO innhenta elektronisk og sysselsetjing frå Einingsregisteret	9 653	13,2	23 721	9,4
Rekneskapsregisteret i Brønnøysund og sysselsetjing frå Einingsregisteret	21 728	29,6	78 960	31,2
SSB si strukturundersøking	15 307	20,9	12 106	4,8
Registeropplysningar (omsetning frå Momsregisteret, sysselsetjing frå Einingsregisteret)	23 256	31,7	31 666	12,5
NACE 70 Omsetning og drift av fast eiendom	26 512	100,0	66 101	100,0
Fullstendig sett av NO med tilleggsskjema (utvalet) og sysselsetjing ev. frå Einingsregisteret	846	3,2	8 338	12,6
NO innhenta elektronisk og sysselsetjing frå Einingsregisteret	3 520	13,3	7 753	11,7
Rekneskapsregisteret i Brønnøysund og sysselsetjing frå Einingsregisteret	10 165	38,3	30 414	46,0
SSB si strukturundersøking	4 179	15,8	6 115	9,3
Registeropplysningar (omsetning frå Momsregisteret, sysselsetjing frå iningsregisteret)	7 802	29,4	13 482	20,4
NACE 71 Utleige av maskiner og utstyr utan personell. Utleige av hushaldsvarer og varer til personleg bruk	2 466	100,0	13 548	100,0
Fullstendig sett av NO med tilleggsskjema (utvalet) og sysselsetjing ev. frå Einingsregisteret	154	6,2	6 141	45,3
NO innhenta elektronisk og sysselsetjing frå Einingsregisteret	316	12,8	967	7,1
Rekneskapsregisteret i Brønnøysund og sysselsetjing frå Einingsregisteret	696	28,2	3 574	26,4
SSB si strukturundersøking	192	7,8	138	1,0
Registeropplysningar (omsetning frå Momsregisteret, sysselsetjing frå Einingsregisteret)	1 108	44,9	2 728	20,1
NACE 72 Databehandlingsverksemd	7 246	100,0	46 253	100,0
Fullstendig sett av NO med tilleggsskjema (utvalet) og sysselsetjing ev. frå Einingsregisteret	458	6,3	28 862	62,4
NO innhenta elektronisk og sysselsetjing frå Einingsregisteret	927	12,8	2 830	6,1
Rekneskapsregisteret i Brønnøysund og sysselsetjing frå Einingsregisteret	1 823	25,2	10 098	21,8
SSB si strukturundersøking	1 672	23,1	307	0,7
Registeropplysningar (omsetning frå Momsregisteret, sysselsetjing frå Einingsregisteret)	2 366	32,7	4 156	9,0
NACE 73 Forsking og utviklingsarbeid	256	100,0	4 963	100,0
Fullstendig sett av NO med tilleggsskjema (utvalet) og sysselsetjing ev. frå Einingsregisteret	34	13,3	3 249	65,5
NO innhenta elektronisk og sysselsetjing frå Einingsregisteret	18	7,0	207	4,2
Rekneskapsregisteret i Brønnøysund og sysselsetjing frå Einingsregisteret	71	27,7	890	17,9
SSB si strukturundersøking	88	34,4	481	9,7
Registeropplysningar (omsetning frå Momsregisteret, sysselsetjing frå Einingsregisteret)	45	17,6	136	2,7
NACE 74 Anna forretningsmessig tenesteyting	36 868	100,0	122 064	100,0
Fullstendig sett av NO med tilleggsskjema (utvalet) og sysselsetjing ev. frå Einingsregisteret	1 912	5,2	59 886	49,1
NO innhenta elektronisk og sysselsetjing frå Einingsregisteret	4 874	13,2	11 965	9,8
Rekneskapsregisteret i Brønnøysund og sysselsetjing frå Einingsregisteret	8 973	24,3	33 986	27,8
SSB si strukturundersøking	9 176	24,9	5 065	4,1
Registeropplysningar (omsetning frå Momsregisteret, sysselsetjing frå Einingsregisteret)	11 935	32,4	11 163	9,1

* Ekskl. NACE 70.201 og 74.150.

3.5. Oppgåvebyrde

Oppgåvebyrda er utrekna til gjennomsnittleg 18 minutt pr. oppgåvegevar i utvalsundersøkinga (i alt 33 979 føretak og bedrifter). Det vert i alt 10 194 timeverk eller 1 359 dagsverk .

3.6. Kontroll og revisjon

Det er gjennomført kontrollar og opprettingar av dei næringsoppgåvene for dei føretaka som inngår i utvalet, dette omfattar òg skjema der tilleggsopplysningar vert oppgitt pr. bedrift. Særlege viktig å kontrollere er næringskode, sysselsetjing, omsetning, lønnskostnader, andre driftskostnader og driftsresultat. I tillegg vert tala for handelsvarekostnader og investeringar sjekka.

Revisjonen av datamaterialet vert gjennomført etter kontrollar i Bedrifts- og føretaksregisteret og viss nødvendig etter rådføring med oppgåvegevar.

3.7. Analyse

Manglande talmateriale er estimert for dei føretaka det ikkje ligg føre fullstendig NO med tilleggsskjema for.

Vi har først stratifisert populasjonen (jf. pkt. 3.3) og deretter trekt eit representativt utval. For føretaka i utvalet (3 404 føretak) er det henta inn NO med tilleggsskjema. Ingen variablar for desse føretaka er difor estimert.

Næringsoppgåve innhenta elektronisk

For 9 653 føretak er næringsoppgåva innhenta elektronisk i samband med SLN (System for likning av næ-

ringsdrivande). Ingen rekneskapsopplysningar er difor estimert. Men sidan vi ikkje innhentar tilleggsskjema for desse føretaka, er opplysningane i dette skjemaet utanom sysselsetjing utrekna etter fordelinga i utvalet (ordna etter næringsundergruppe og same gruppe for storleik mht. sysselsetjing).

Aksjeselskap utanom utvalet

For aksjeselskap utanom utvalet (dvs. 21 728 føretak, sjå pkt. 3.4) er det innhenta bestemte rekneskapsopplysningar frå Rekneskapsregisteret for aksjeselskap. Ein del postar i Rekneskapsregisteret er identiske med opplysningane i NO og vert difor henta direkte frå Rekneskapsregisteret:

9000 Sum driftsinntekter
4295 Behaldningsendring av varer under tilverking og ferdig tilverka varer
4005 Varekostnad
6000 Avskrivning på varige dr.m. og imm. egedelar
6050 Nedskrivning av varige dr.m. og imm. egedelar
7830 Tap på fordringar
9010 Sum driftskostnader
0150 Sum verdi av varelager

I tillegg vert summen av lønnspostane (postane 5000 t.o.m. 5900), og summen av varige driftsmiddel (postane 1105 t.o.m. 1290) innhenta.

Dei øvrige postane vert berekna i samsvar med fordelinga i utvalet (ordna etter næringsundergruppe og same storleiksgruppe med omsyn til omsetning, driftskostnader eller annan relevant fordelingsnøkkel).

Føretak med omsetning frå Momsregisteret eller Strukturundersøkinga

NO-postane er estimerte med omsetning som nøkkel for dei føretaka utanom utvalet der omsetning er henta frå Momsregisteret eller frå Strukturundersøkinga (dvs. høvesvis 23 256 og 15 307 føretak, sjå pkt. 3.4).

Sysselsetjing

For dei føretaka som har levert fullstendig sett av NO med tilleggsskjema (utvalet), er tal for sysselsetjing henta anten frå Statistisk sentralbyrå sitt tilleggsskjema til NO, utrekna på bakgrunn av lønnskostnader eller henta frå Einingsregisteret sin arbeidstakar-/arbeids-gjevardel (AA-registeret). Det same gjeld for dei føretaka der ein har nytta utskrift frå årsrekneskapan frå Rekneskapsregisteret.

Tal for sysselsetjing for dei andre føretaka er anten henta inn gjennom Statistisk sentralbyrå si Strukturundersøking eller frå AA-registeret.

4. Omgrep, kjennemerke og grupperingar

4.1. Definisjon av dei viktigaste omgrepa Føretak

I Standard for næringsgruppering (SN) er eit føretak den minste kombinasjon av juridiske einingar som produserer varer eller tenester, og som til ein viss grad har sjølvstendig avgjerdsrett.

Bedrift

I SN er bedrift definert som ei lokalt avgrensa funksjonell eining der det hovudsakleg vert drive aktivitetar som fell innanfor ei bestemt næringsgruppe.

Plassering av føretaket

Plasseringa av føretaket er i samsvar med kommuneinndelinga pr. 1. januar 1997. I einskilde næringar kan eit føretak drive verksemd i fleire kommunar og fylke utan å vere delt i fleire bedrifter. I slike tilfelle er den samla verksemda til føretaket registrert der føretaket har si kontoradresse.

4.2. Definisjon av dei viktigaste kjennemerka Eigarar utan fast lønn som dagleg arbeider i føretaket

Eigarar omfattar eigarar av enkeltmannsfirma eller ansvarleg selskap, familiemedlemmer utan fast lønn som dagleg arbeider i føretaket o.l. Medeigarar i aksje- og andelsselskap som har lønna arbeid i føretaket er ikkje inkluderte. Det er heller ikkje familiemedlemmer til eigarar av enkeltmannsfirma eller ansvarlege selskap når dei har fast avtalt lønn.

Lønnstakarar

Med lønnstakarar reknast alle personar som arbeider for arbeidsgjevaren, som har ei tilsetjingskontrakt og som mottek kompensasjon for utført arbeid i form av lønn, gasje, honorar, gratiale, naturalytingar o.l. Mellombels fråverande på grunn av sjukdom, ferie, arbeidskonflikt o.l. er med, medan fråverande på grunn av militærtjeneste er haldne utanfor.

Sysselsetjing

Med sysselsetjing meiner ein summen av eigarar og lønnstakarar. Personar med meir enn eitt arbeidsforhold vil kunne vere talt med som sysselsette i fleire næringar. Sysselsetjing viser eit gjennomsnitt av talet på sysselsette ved utløpet av fem utvalde månader i året (februar, april, juni, september og november). Sysselsetjingstala i strukturstatistikken kan avvike frå det som er publisert i Arbeidskraftundersøkinga (AKU) fordi kjeldene og gjennomsnittsberekninga er ulike.

Årsverk

Tala omfattar årsverk utførte av lønnstakarar i føretaket.

Omsetning

Omsetning eller salsinntekter er definert som summen av godtgjersle for tenesteytande verksemd utført for kundar, sal av handelsvarer og bruttoinntekt av anna næringsverksemd. Meirverdiavgift er ikkje med i tala.

Handelsvarer

Handelsvarer er varer som vert selde vidare utan noko bearbeiding i bedrifta.

Lønn

Lønn vert definert som alle beløp, i kontantar eller naturalia, som vert betalt til alle personar på lønnslista (inkludert heimearbeidande), som vederlag for arbeid utført i løpet av rekneskapsperioden, utan omsyn til om dei vert betalt på grunnlag av arbeidstid, resultat eller akkord og utan omsyn til om dei vert betalt regelmessig eller ikkje.

Lønn omfattar verdien av trygdepremiar, inntektsskatt osv. som arbeidstakaren skal betale, sjølv om desse faktisk vert trekte av arbeidsgjevaren og vert betalt direkte til trygdeordningar, skattestyresmaktene osv. på vegner av arbeidstakaren. Lønn omfattar ikkje trygdepremiar som arbeidsgjevaren skal betale.

Utgifter til lønning av vikarar vert ikkje rekna med i lønn.

Sosiale kostnader

Sosiale kostnader omfattar arbeidsgjevaren sine trygdepremiar til ordningar for pensjon ved arbeidsslutt, sjukdom, svangerskap og fødsel, invaliditet, arbeidslyse, arbeidsulukker og yrkessjukdom, barnetrygd samt andre ordningar.

Kostnader for alle arbeidstakarar, inkludert heimearbeidande og lærlingar, vert tekne med.

Alle ordningar vert tekne med, utan omsyn til om dei er lovpliktige, fastsette i tariffavtalar, avtalefesta eller frivillige.

Lønnskostnader

Lønnskostnader er summen av lønn og sosiale kostnader. Lønnskostnader omfattar lønn, feriepengar, honorar o.l., arbeidsgjevaravgift til folketrygda, rapporteringspliktige pensjonskostnader og andre personal-kostnader.

Lønnskostnader omfattar ikkje godtgjersle til eigarar av enkeltmannsføretak eller ansvarlege selskap og til familiemedlemmer utan fast lønn.

Produksjonsverdi

Med produksjonsverdi meiner ein omsetning korrigerert for endringar i beholdning av ferdige varer, varer i arbeid og varer og tenester kjøpt for vidareasal. Kjøp av varer og tenester for vidareasal og spesielle offentlege

avgifter er trekt frå, medan aktiverte egne investeringsarbeid er lagde til.

Bearbeidingsverdi

Som bearbeidingsverdi reknar ein summen av produksjonsverdi fråtrekt kjøp av varer og tenester (for andre varer og tenester enn dei som er kjøpt direkte for vidareasal) og korrigerert for endringar i beholdninga av råvarer og konsumvarer. Spesielle offentlege tilskot for tilverka/selde varer og andre offentlege tilskot/refusjonar er inkludert.

Totale kjøp av varer og tenester

Med totale kjøp av varer og tenester reknar ein verdien av alle varer og tenester som er kjøpt i 2001 for vidareasal, til bruk i føretaket sin egen produksjonsprosess eller for lager. Investering er ikkje inkludert i desse tala.

Investering

Som investering reknar ein kjøp eller eigenproduksjon av fast kapital som bygningar og anlegg (unnateke bustader), maskiner, verktøy, reiskap, inventar og transportmiddel (unnateke til privat bruk), både nye og brukte. Påkostnader er lagde til, medan sal av brukt realkapital er trekt frå. Investering vert oppgjeve med fråtrekk for inngåande meirverdiavgift og med tillegg av investeringsavgift.

Nyinvesteringar

Nyinvesteringar omfattar alle nykjøpte (eller eigenproduserte) varige driftsmidlar som er kjøpte og ferdigstilte i løpet av året, eksklusiv investeringar i urørt eigedom. Ved kjøp nyttar ein kostpris, ved eigenproduksjon nyttar ein produksjonskost for verdsetjinga av driftsmiddelet. Kjøp ved finansiell leasing er inkludert der driftsmiddelet er ført som eigedel i balansen.

Påkostnader på egne aktiva

Dette omfattar verdien av alle aktiverte påkostnader og hovudreparasjonar som er kjøpte og utførte av andre og/eller gjort med egne tilsette på egne driftsmiddel. Det vert sett det vilkåret at slike påkostnader aukar effektiviteten/verdien av og/eller forlengar levetida til driftsmiddelet. Ved kjøp vert påkostnaden vurdert til kjøpspris, ved eigenproduksjon til produksjonskost.

Sal av driftsmidlar

Sal av driftsmiddel er utrekna til salsverdien (erstatningssummen) ved realisering av brukte driftsmiddel i løpet av året. Beløpet er inklusiv investeringsavgift. Driftsmiddelet vert sett på som selt når det er levert.

4.3. Standard grupperingar**Standard for næringsgruppering SN94**

Gjeldande Standard for næringsgruppering (SN94) i Statistisk sentralbyrå byggjer på EU sin standard NACE Rev. 1. Denne er publisert i serien NOS (Noregs offisielle statistikk) C 182 (1994).

5. Feilkjelder og uvisse

Feilkjeldene i strukturstatistikken består i hovudsak av feil i registra som vert brukte til stratifisering og utvalstrekkning, feilutfylling av skjema og feil i innlesing eller registrering av innrapporterte opplysningar.

5.1. Innsamlings- og bearbeidingsfeil

Returnerte skjema vert lese optisk og sjekka maskinelt. Eit optisk bilete av skjemaet vert lagra elektronisk, og vert deretter kontrollert manuelt for å sikre størst mogleg grad av korrekte data. Resultata frå ei statistisk undersøking vil likevel kunne innehalde visse innsamlings- og bearbeidingsfeil.

Innsamlingsfeil oppstår ved at oppgåvegjevaren på grunn av gløymse, misforståing av spørsmål e.l. gir feil svar. Eit vanleg eksempel er tal som vert oppgjeve i heile kroner i staden for 1.000 kroner o.l. Bruk av kjente omgrep og lett tilgjengeleg rettleiing reduserer denne typen feil.

Bearbeidingsfeil er feil ved koding eller feil som oppstår ved overføring av opplysningar frå spørreskjemaet til maskinlesbart medium eller under revisjonen.

5.2. Utvalsfeil

Utvalsfeil er feiltypar som kan oppstå i område som er gjenstand for utvalstrekkning.

5.2.1 Utvalsvarians

Når ein baserer datagrunnlaget på eit utval og ikkje ei fullteljing, kan det vere eit avvik mellom eigenskapane til utvalet og populasjonen totalt sett. Denne utvalsfeilen vert normalt redusert når storleiken på utvalet og dekningsgraden på spesielle kjennemerke aukar.

Det er ingen faste normer for kva som er akseptabel utvalsstorleik. Generelt kan ein seie at i homogene populasjonar, dvs. populasjonar med einingar som liknar kvarandre, vil forholdsvis små utval i høve til populasjonen kunne gje tilfredsstillende resultat. I heterogene populasjonar, dvs. populasjonar med einingar som ikkje liknar kvarandre, bør derimot utvalsprosenten og dekningsgraden vere større.

Grupper som er baserte på relativt få observasjonar vil lett bli påverka av observasjonar som avvik sterkt frå gjennomsnittet i gruppa. For slike ekstremobservasjonar er det utvikla program for å vurdere korleis desse skal brukast vidare i statistikkproduksjonen.

5.2.2 Skeivt utval

For næringar der statistikken er basert på utvalsundersøkingar, kan det oppstå problem med skeivt utval. Dette kjem av at ein går ut frå at føretak utanfor utvalet har lik kostnads- og inntektsstruktur som føretak i utvalet.

I strukturstatistikken vert stratifisering brukt for å redusere problemet med skeivt utval. Gjennom stratifisering vert populasjonen delt inn i fleire ikkje-overlappende grupper etter kriterium som skal sikre mest mogleg homogene grupper.

Deretter vert utvalet trekt slik at det inneheld einingar frå alle desse strata. Før materialet vert vekta og blåse opp vert utvalet etterstratifisert for å justere for problem med skeivt utval som kan oppstå pga. fråfall.

5.2.3 Fråfall

I skjemabaserte undersøkingar vil det normalt vere eit visst fråfall. Dette kjem av forhold som nedleggingar, konkursar, fusjonar, fisjonar, feil i utsendinga, nekting, gløymse, mangel på data eller andre forhold.

Fråfall av viktige einingar blir følgt opp i den manuelle etterkontrollen. Andre føretak som ikkje returnerer sine skjema vert behandla på same måte som føretaka som ikkje er med i utvalet. Bruk av tvangsmulkt reduserer fråfallet, men ikkje nødvendigvis uvisse dersom oppgåvegjevarane f.eks. vel å oppgi eit tal berre for å unngå tvangsmulka.

7 prosent av oppgåvegjevarane i utvalet lét vere å svare.

5.3. Ikkje-utvalsfeil

Fleire administrative register er sentrale i arbeidet med strukturstatistikken. Bedrifts- og føretaksregisteret vert nytta både til å definere populasjonen og til å hente inn kjennemerke og opplysningar, og Einingsregisteret i Brønnøysund, Momsregisteret og AA-registeret (Arbeidstakar/Arbeidsgjevar-registeret) vert nytta til å hente inn opplysningar om einingane. Dette gir grunnlag for to typar registerfeil som kan påverke uvisse i statistikken.

Det vanlegaste er feil som følgje av etterslep i registreringa. Slike etterslep kan kome av forseinka rapportering til registra eller det faktum at endringar normalt vert registrerte noko tid etter at dei har hendt. Konsekvensen er at registra ikkje er fullstendig oppdaterte til ei kvar tid, noko som f.eks. kan føre til eit skeivt utval eller at forelda opplysningar vert nytta som datagrunnlag i statistikken.

Kjennemerke som næringskode, tilstand o.l. i Bedrifts- og føretaksregisteret ligg òg til grunn når utvalet vert trekt. Kvaliteten på desse kjennemerka vil vere avgjerande for inndelinga av populasjonen i formålstenlege strata, og dermed påverke kvaliteten på det grunnlaget som utvalet vert trekt frå.

6 Samanlikningar og samanheng

6.1. Samanlikningar over tid og stad

Ajourføring av næring i Bedrifts- og føretaksregisteret har ikkje medført nokre revideringar av statistikken for 2000, men investeringane for 2000 er utrekna på nytt på grunn av endra metode for utrekning og forbetra datagrunnlag

6.2. Samanheng med annan statistikk

Strukturstatistikken for forretningsmessig tenesteyting er ein del av næringsstatistikken til Statistisk sentralbyrå, òg dekkjer dei fleste næringane. I tillegg til strukturstatistikken vert det òg publisert ulike korttidsstatistikkar for dei einskilde næringane. Desse viser tal for kortare tidsrom enn eit år og vanlegvis for heile landet under eitt.

7. Kvar ein finn statistikken

7.1. Internettadresse

<http://www.ssb.no/stefu/>

Dersom ein ynskjer å bestille tabellar eller treng meir informasjon, ta kontakt med:

Seksjon 460 ved Statistisk sentralbyrå, tlf. 62 88 54 82, e-post: ssb@ssb.no, faks 62 88 54 62.

7.2. Språk

Norsk (nynorsk og bokmål) og engelsk.

7.3. Publikasjonar

Statistikken vert offentleggjort kvart år i Dagens statistikk på Internett, samt i Noregs offisielle statistikk (NOS). Viktige resultat vert òg offentleggjorde i andre publikasjonar frå SSB, inkludert Statistisk årbok, Økonomiske analysar og Økonomisk utsyn.

7.4. Lagring og bruk av grunnmaterialet

Mikrodata, informasjon om utvalseiningar og populasjon vert lagra mellombels i programspråket SAS og vert langtidslagra som tekstfiler.

7.5. Annan dokumentasjon

Bjerkseth, M. S. (1997): Evaluering av ny metode for utarbeidelse av strukturstatistikk ved seksjon 460. Notat 97/4, Statistisk sentralbyrå.

1. Main results and use of the tables

1.1. Main results

Enterprises

Real estate, renting and business activities had a total of 73 348 enterprises and employed 229 936 persons in 2001. The enterprises had a turnover of 252.9 billion kroner and paid 75.4 billion kroner in compensation of employees. Growth compared with 2000 was 11.7 and 7.7 per cent respectively, while the number of persons employed decreased by 0.2 per cent.

NACE 70 Real estate activities (except for NACE 70.201).

The division had 26 512 enterprises and employed 22 041 persons in 2001. Turnover amounted to 66.1 billion kroner and compensation of employees 6.4 billion kroner. Growth compared with 2000 was 13.9 and 5.7 per cent respectively, while the number of persons employed decreased by 3.5 per cent.

NACE 71 Renting of machinery and equipment without operator and of personal and household goods. The division had 2 466 enterprises and employed 6 167 persons in 2001. Turnover was 13.5 billion kroner and compensation of employees 1.7 billion kroner. The turnover increased by 15.0 per cent, while the compensation of employees decreased by 1.3 per cent compared with 2000. The number of persons employed decreased by 6.5 per cent.

NACE 72 Computer and related activities.

The division had 7 246 enterprises and employed 38 295 persons in 2001. Turnover was 46.3 billion kroner and compensation of employees 19.3 billion kroner. Growth compared to 2000 was 15.7 and 12.6 per cent respectively, while the number of employed persons increased by 5.5 per cent.

NACE 73 Research and development.

The division had 256 enterprises and employed 6 792 persons in 2001. Turnover amounted to 5.0 billion kroner and compensation of employees 2.8 billion kroner. Growth compared to 2000 was 2.8 and 1.6 per cent respectively. The number of persons employed increased by 0.7 per cent.

NACE 74 Other business activities (except for NACE 74.150).

The division had 36 868 enterprises and employed 156 641 persons in 2001. Turnover amounted to 122.1 billion kroner and compensation of employees 45.1 billion kroner. Growth compared with 2000 was 9.1 and 6.7 per cent respectively, while the number of people decreased by 0.8 per cent.

Local KAUs

Real estate, renting and business activities had a total of 75 148 local KAUs employing 232 551 persons in 2001. The local KAUs posted sales of 256.3 billion kroner and 76.6 billion kroner in compensation of employees. Growth compared to 2000 was 11.7 and 7.9 per cent respectively, while the number of persons employed decreased by 0.2 per cent.

NACE 70 Real estate activities (except for NACE 70.201).

The division had 26 823 local KAUs and employed 22 855 persons in 2001. Turnover was 67.7 billion kroner and compensation of employees 6.6 billion kroner. Growth compared with 2000 was 14.8 and 7.4 per cent respectively, while the number of persons employed decreased by 1.0 per cent.

NACE 71 Renting of machinery and equipment without operator and of personal and household goods. The division had 2 682 local KAUs and employed 6 029 persons in 2001. Turnover was 13.3 billion kroner and compensation of employees 1.7 billion kroner. The turnover increased by 12.1 per cent compared with 2000, while the compensation of employees and the number of employed persons declined by 3.0 and 8.1 per cent respectively.

NACE 72 Computer and related activities.

The division had 7 551 local KAUs and employed 38 179 persons in 2001. Turnover was 45.4 billion kroner and compensation of employees 19.2 billion kroner. Growth compared with 2000 was 13.4 and 12.3 per cent respectively, while the number of persons employed increased by 5.3 per cent.

NACE 73 Research and development.

The division had 312 local KAUs and employed 8 157 persons in 2001. Turnover was 6.1 billion kroner and compensation of employees 3.4 billion kroner. Growth compared to 2000 was 6.6 and 6.9 per cent respectively, while the number of persons employed increased by 1.6 per cent.

NACE 74 Other business activities activities (except for NACE 74.150).

The division had 37 780 local KAUs and employed 157 331 persons in 2001. Turnover was 123.8 billion kroner and compensation of employees 45.8 billion kroner. Growth compared to 2000 was 9.7 and 6.7 per cent respectively, while the number of persons employed decreased by 1.1 per cent.

Figure 1.1. Number of enterprises and local kind-of-activity units, by division. 2001




Figure 1.2 Employment, by division. Enterprises and local kind-of-activity units. 2001




Figure 1.3 Turnover, by division. Enterprises and local kind-of-activity units. 2001





Figure 1.4 Compensation of employees, by division. Enterprises and local kind-of-activity units. 2001



1.2. Use of the tables

The industrial codes of some enterprises and local KAUs have been changed because of the updating of industries in the Central Register of Establishments and Enterprises for 2001. The figures for 2000 in the enclosed tables have not been adjusted, but the investments figures for 2000 have been recalculated due to altered calculation methods and improved data.

2. Background and purpose

2.1. Purpose and history

The statistics show the structure of industry section K, Real Estate, Renting and Business Activities on the basis of statistics from the financial year of 2001. The statistics were first published in 1979, and have been published in the present form since 1995.

2.2. Users and applications

The annual structural statistics are based on the data needs of the National Accounts (NR) and in accordance with the EU regulation on structural statistics. In addition, ministries and various trade organizations want and need statistical data and the public's need for information has to be met too. Business and industry and other users also commission customized wholesale and retail trade statistics from Statistics Norway, primarily at the municipal level.

3. System and implementation

3.1. Scope

Statistics for real estate, renting and business activities are classified according to the NACE³ standard and include the industry divisions:

70	Real estate activities
71	Renting of machinery and equipment without operator and of personal and household goods
72	Computer and related activities
73	Research and development
74	Other business activities

The statistics cover the section K, with the exception of 70.201 House cooperative and 74.150 Management activities of holding companies.

The EU's structural regulation primarily requires statistics at the enterprise level. Out of consideration to the national accounts and other Norwegian users, local kind-of-activity unit (KAU) statistics have been compiled for the variables employment, turnover, compensation of employees and investments. We call your attention to the fact that the local KAU-based figures show higher values than enterprise-based ones. This is because enterprises are placed in the subclass that accounts for the majority of their activity and thus can be placed in another division than some of the local KAUs in the enterprise (see section 3 Terms, definitions and classifications).

The population comprises 66 001 establishments, of which 57 332 also represent enterprises. They are within the NACE code of industrial classification: 50, 51 and 52.

The structural business statistics for wholesale and retail trade comprise most of the enterprises and local KAUs that is registered in the abovementioned industry divisions (50, 51 and 52), as long as the enterprise or local KAUs was registered with activity in Norway in the relevant statistical year.



The exception is enterprises and local KAUs within the public service sectors 110, 510 and 550. Such units **are not included** in the structural business statistics for wholesale and retail trade even though they should happen to have operations in one of the abovementioned industries.

Hvis eit føretak går over frå full rekneskapsplikt til begrensa rekneskapsplikt, skal det i staden for næringsoppgåve 2 levera næringsoppgåve 1. Dette påverkar hva ein kan føra som inngåande balanse. Se nærare utgreiing under post 9996-9998.

Postane 1080, 1105, 1115, 1205, 1221, 1225, 1239 og 1280 - saldo driftsmiddel

Her fører ein sum saldoverdi for den einskilde gruppa. Beløpa hentar ein frå avskrivingskjema RF-1084 som skal leggjast ved næringsoppgåva. Saldoverdi for forretningsbygg som pr 1.1.1984 vart oppskreve i samsvar med Finansdepartementet si forskrift av 29.8.1984 er differansen mellom saldo grunnlag pr 31.12 og nedre grense for avskrivning. Eventuell tom positiv saldo (saldoverdi utan driftsmiddel) skal også inngå her og takast med i balansen som eignedelar sin verdi.

Post 1295 Eignedelar utanom saldosystemet som kan avskrivas

Her fører ein eignedelar som kan avskrivas og som vert avskrivne lineært og som kjem fram i avskrivingskjema RF-1084.

Post 1299 Negativ vinst- og tapskonto

Her fører ein beløp henta frå skjema for vinst- og tapskonto RF-1219 post 18.

Post 1495 Varelager

Her fører ein den skattemessige verdien av varelager henta frå post 0150.

Post 1500 Kundekrav

Her fører ein skattemessig verdi av kundekrav fra post 0430 (etter frådrag for eventuell nedskrivning).

Post 1530 Opptent, ikkje fakturert driftsinntekt

Her skal ein føra verdi av ikkje opptente inntekter som ennå ikkje er fakturert. Slik inntekt skal resultatførast i aktuell post i 3000-serien.

Postene 1595/2275 Langsiktige Krav/lån i utanlandsk valuta

Den skattemessige verdien blir fastsett etter reglane i skattelova § 14-5 (5) der det går fram at krav ikkje kan vurderast til ein lågare kurs enn den lågaste av kursane på årsoppgjerstidspunktet og tileigningstidspunktet. Tilsvarende kan gjeld ikkje vurderast høgare enn den høgaste av verdiane på årsoppgjerstidspunktet og tidspunkt for låneopptaket. Urealisert valutatap skal avrekna mot urealisert valutavinst.

Post 1829 Aksjar og verdipapirfondandeler

Den verdi som ein førar opp i post 1829 skal ikkje korrigerast for årleg RISK-beløp. Ved realisasjon skal RISK som blir teken hensyn til ved vinst-/tapsberekning motrekna mot post 2058 - øvrige eigenkapitalkorreksjonar.

Post 1899 Individuelle postar

Her fører ein saldo 31.12.00 henta frå "Skjema for individuelle postar etter overgang til nettolikning" (RF-1230) post 210.

Skattemessig eigenkapital

Skattemessig eigenkapital er føretakets skattemessige verdi. Ved avstemming av eigenkapitalkontoen på side 4 skal postane 0400-0404 stemme med balansen post 9960, skattemessig eignekapital.

Ubeskatta eigenkapital

Post 2095 Negativ saldo

Her fører ein sum negativ saldo 31.12. for den eller dei saldogrupper som iflg. "Avskrivingskjema for saldo- og lineære avskrivningar" (RF-1084) kjem fram med slik saldo. Beløpet er ikkje skattlagd inntekt.

Post 2096 Positiv vinst og tapskonto

Her fører ein beløp henta frå skjema for "Vinst og tapskonto" (RF-1219). Beløpet er ikkje skattlagd inntekt.

Gjeld

Post 2600 Skattetrekk og andra trekk

Her skal ein føra skatt som er trekt av lønsutbetalingar til tilsette. Her fører ein også skyldig bidragstrekk mm.

Overgang frå full til begrensa rekneskapsplikt

Hvis eit føretak går over frå full til begrensa rekneskapsplikt, vil dette medføre at pliktige næringsoppgåver for føretaket endras til næringsoppgåve 1. Utgåande balanse førre år er gjort opp etter reglane i rekneskapslova. Dette kan gje mellombelse skilnader. Dette vil gå fram av skjema RF-1217 som var pliktig vedlegg til førre års næringsoppgåve. Den næringsdrivande skal då sette opp ein korriger

inngåande balanse. Korrigeret skattemessig eigenkapital (post 9960) skal gå fram av post 9998.

Døme:

Balanse pr. 31.12.x1		(Næringsoppg 2)
1105 Forr.bygg	2.000	2050 Annen EK 1.600
1400 Varelager	100	2220 Gjeld 500
9400 Sum eigned. 2.100		9650 Sum 2.100

Skattemessig verdi på

Forr.bygg	1.800	(negativ skilnad 200)
Varelager	120	(positiv skilnad 20)

Næringsoppgåve 1 for x2:

Inngående balanse (pr. 31.12.x1):

1105 Forr.bygg	1.800	2050 Annen EK 1.420
1495 Varelager	120	2220 Gjeld 500
9400 Sum eigned. 1.920		9650 Sum 1.920

I tillegg må postane 9996-9998 fyllast ut:

9996 Eigenkapital 31.12.x1	1.600
9997 Mellombelse skilnader	
31.12x1, jf RF-1217	- 180
9998 Korrigeret eigenkapital 31.12.x1	1.420

Side 4 i næringsoppgåva

Spesifikasjon av privatkonto

Dette er ein ei spesifikasjon av post 0402 i eigenkapitalbevegelsen. Her fører ein eigaren sine uttak og private kostnader som er førte i verksemda sitt rekneskap. Dei private kostnadene skal ein ikkje føra i resultatrekneskapet, men mot privatkonto. Døme:

Telefonkostnad som gir rett til skattemessig frådrag skal ein føra i post 6995 kontorkostnad, telefon, porto mm. Private telefonkostnader skal ein føra i post 2068.

Næringskostnader utan frådragsrett/ korreksjon av eigenkapital

Her fører ein kostnader pådregne som ledd i verksemda, men som det etter skattelova ikkje er frådragsrett for.

Kontingentar, gåver o.l. som det ikkje er frådragsrett for skal først her og ikkje som kostnad i rekneskapen.

Her korrigerer ein også for andre postar som påverkar det skattemessige resultatet utan å medføre endringar i eigenkapitalen eller omvendt. Dette gjeld m.a.

- skattefrie inntekter
- frådragsført hjemmekontor
- sjukepengar for innehavar (sjå merknad til post 3900)
- RISK ved realisasjon av aksjar

Skatteetaten

Næringsoppgåve 2 for 2001

For aksjeselskap og andre føretak som utarbeider
årsrekneskap etter rekneskapslova
Om fortegnbruk, sjå rettleiinga
Vedlegg til sjølvmeldinga/selskapsoppgåva

Føretakets namn, adresse m.m.:		Rekneskapsperiode	Frå	Til
Namn		Organisasjonsnummer	Fødselsnummer	Gjennomsnittleg tal tilsette i rekneskapsåret
Nærings- (kontor) adresse				
Postnr./ -stad		Er reglane for små føretak, jf. RL § 1-6, nytta?		<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Næring (type verksemd)		Føretaket har ikkje årsrekneskapsplikt etter rekneskapslova		<input type="checkbox"/> Kryss av

Rekneskapsfører:

Rekneskapsførers namn		Nummer i rekneskapsførarregisteret	
Forretningsadresse		Postnr./-stad	
Er næringsoppgåva fylt ut av ekstern rekneskapsfører?		<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Er rekneskapet ført av ekstern rekneskapsfører?
		<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei

Tilleggsopplysningar og spesifikasjonar (i heile kroner):

Varelager	Skattemessig verdi 31.12.2001	Rekneskapsmessig verdi 31.12.2001. (post 1400)	Skattemessig verdi 31.12.2000	Rekneskapsmessig verdi 31.12.2000 (post 1400)
0110 Råvarer og innkjøpte halvfabrikata				
0120 Varer under tilverking	+	+	+	+
0130 Ferdige eigentilvirka varer	+	+	+	+
0140 Innkjøpte varer for vidareasal	+	+	+	+
0150 Sum verdi av varelager				

Bruttofortjeneste på innkjøpte varer for videresal

0210 Avgiftspliktig sal	0220 Avgiftsfritt sal	0230 Sum salsinntekter	0240 Varekostnad	0250 Bruttofortjeneste
	+	=	+	=

Utrekning av skattemessig verdi på kundekrav

		2001	2000																								
0410	Kundekrav til pålydande																										
0420	<table border="0"> <tr> <td>2000</td> <td>Konstaterte tap på kundekrav</td> <td>2001</td> <td></td> </tr> <tr> <td><input type="text"/></td> <td>+</td> <td><input type="text"/></td> <td></td> </tr> <tr> <td></td> <td></td> <td>x 4 x</td> <td><input type="text"/></td> </tr> <tr> <td></td> <td></td> <td></td> <td>Kundekrav pr. 31.12.2001</td> </tr> <tr> <td>2000</td> <td>Kredittsal</td> <td>2001</td> <td></td> </tr> <tr> <td><input type="text"/></td> <td>+</td> <td><input type="text"/></td> <td></td> </tr> </table>	2000	Konstaterte tap på kundekrav	2001		<input type="text"/>	+	<input type="text"/>				x 4 x	<input type="text"/>				Kundekrav pr. 31.12.2001	2000	Kredittsal	2001		<input type="text"/>	+	<input type="text"/>		+	+
2000	Konstaterte tap på kundekrav	2001																									
<input type="text"/>	+	<input type="text"/>																									
		x 4 x	<input type="text"/>																								
			Kundekrav pr. 31.12.2001																								
2000	Kredittsal	2001																									
<input type="text"/>	+	<input type="text"/>																									
0430	Skattemessig verdi på kundekrav (post 0410 + post 0420)	=	=																								
0440	Andre krav, medrekna krav på konsernselskap, tilsette, eigarar o.l. til pålydande	+	+																								
0450	Sum skattemessig verdi på krav	=	=																								
0460	Nyetablert verksemd i 1998 eller seinare?	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei																									

Årets kjøp m.m. og sal av driftsmidlar (sjå rettleiinga)

	Kjøp m.m.	Sal		Kjøp m.m.	Sal
0510	Forsking, utvikling og andre imatr. eigedelar		0550	Skip, riggar, fly m.m.	
0520	Bygningar og anlegg		0560	Varebilar m.m.	
0530	Tomter og andre grunnareal		0570	Kontormaskiner	
0540	Bustader inkl. bustadtomter		0580	Personbilar, maskiner, inventar og andre driftsmidlar	

Andre offentlege organ sin bruk av opplysningar i RF-1167

For å samordna og forenkla oppgåveinnleveringa frå næringslivet, kan opplysningar som vert avgjeve i dette skjema, RF-1167, heilt eller delvis bli nytta også av andre offentlege organ som har heimel til å innhente dei same opplysningar, jf. lov om Oppgåveregisteret §§ 5 og 6. Opplysningar om evt. samordning kan ein få ved å vende seg til Oppgåveregisteret på telefon 75 00 75 00, eller Skattedirektoratet på telefon 22 07 70 00.

Resultatrekneskap 2001 i (heile kroner)

	2001	2000		2001	2000
3000 Salsinntekt og uttak, avgiftspliktig			7080 Bilkostnader, bruk av privatbil i næring		
3100 Salsinntekt og uttak, avgiftsfri			7099 Privat bruk av næringsbil	÷	÷
3200 Salsinntekt og uttak, utanfor avgiftsområde			7155 Reise- og diettkostnad, bilgodtgjering oppgavepliktig		
3300 Særskilde offentlege avgifter vedkommande sal	÷	÷	7165 Reise- og diettkostnad, ikkje oppgavepliktig		
3400 Offentleg tilskott/refusjon			7295 Provisjonskostnad		
3500 Uopptjent inntekt			7330 Sals- og reklamekostnader		
3600 Leigeinntekt fast eigedom			7370 Representasjonskostnader		
3695 Anna leigeinntekt			7490 Kontingent og gåve		
3700 Provisjonsinntekt			7500 Forsikringspremie		
3800 Vinst ved avgang av anleggsmiddel			7565 Garanti- og servicekostnad		
3900 Anna driftsrelatert inntekt			7600 Lisens-, patentkostnad og royalties		
9000 Sum driftsinntekter			7700 Anna kostnad		
4005 Varekostnad			7800 Tap ved avgang av anleggsmidler		
4295 Lager.endr. av varer under tilverkning og ferdig tilv. varer			7830 Tap på krav		
4500 Framandytelse og underentreprise			9010 Sum driftskostnad		
4995 Lager.endr. av eigentilverka anleggsmidler	÷	÷	9050 Driftsresultat		
5000 Lønn, feriepengar m.m.			8005 Netto positiv resultatandel vedr. invest. i DS, TS og FKV		
5300 Anna oppgavepliktig godtgjering			8030 Renteinntekt frå føretak i same konsern		
5400 Arbeidsgivaravgift			8050 Anna renteinntekt		
5420 Oppgavepliktig pensjonskostnad			8060 Valutagevinst (agio)		
5600 Arbeidsgodtgjering til eigarar i ANS mv.			8070 Anna finansinntekt		
5900 Anna personalkostnad			8080 Verdiauke av markedsbaserte finansielle omløpsmidlar		
6000 Avskrivning på varige dr.m. og immaterielle eigedelar			9060 Sum finansinntekter		
6050 Nedskrivning på varige dr.m og immaterielle eigedelar			8006 Netto negativ resultatandel vedr. investering i DS, TS og FKV		
6100 Frakt og transportkostnad tilknytt sal			8100 Verdired. av markedsbaserte finansielle omløpsmidlar		
6200 Energi, brensel m.m. tilknytt produksjon			8115 Nedskrivning av finansielle eigedelar		
6300 Leige av lokale			8130 Rentekostnad til føretak i same konsern		
6340 Lys, varme			8150 Anna rentekostnad		
6395 Renovasjon, vatn, avløp, reinhald m.m.			8160 Valutatap (disagio)		
6400 Leige av maskiner, inventar, transportmidlar m.m.			8170 Anna finanskostnad		
6500 Verktøy, inventar og driftsmateriell m.m. som ikke skal aktiviserast			9070 Sum finanskostnader		
6600 Reparasjon og vedlikehald bygning			9100 Ordinært resultat før skattekostnad		
6695 Reparasjon og vedlikehald anna			8300 Betalbar skatt		
6700 Framand teneste (rekneskap/ rev.hon, rådgjeving m.m.)			8310 Refusjon skatt etter skattelova § 16-40		
6995 Kontorkostnad, telefon, porto m.m.			8320 Endring utsett skatt/ skattefordel		
7000 Drivstoff transportmidlar			9150 Ordinært resultat		
7020 Vedlikehald m.m. på transportmidlar			8400 Ekstraordinær inntekt		
7040 Forsikring og avgifter på transportmidlar			8500 Ekstraordinær kostnad		
Avstemming av eigenkapital skal førast i skjema RF-1052 Rettleiing til RF-1052 er teke inn i RF-1168 (Rettleiing til næringsoppgåve 2)			8600 Betalbar skatt		
			8620 Endring utsatt skatt/ skattefordel		
			9200 Årsresultat		

Balanse-regnskapsmessige verdier (i hele kroner)

Eigedelar	31.12.2001	31.12.2000	Eigenkapital og gjeld	31.12.2001	31.12.2000
ANLEGGSMIDLER			INNSKOTEN EIGENKAPITAL		
1000 Forskning og utvikling			2000 Aksjekap./EK andre føretak		
1020 Konesjonar, patentar, lisensar o.l.			2010 Eigne aksjar (negativt beløp) Felleseigd partskapital		
1070 Utsett skattefordel			2020 Overkursfond		
1080 Goodwill (saldogruppe b)			2030 Innskoten anna eigenkapital		
1105 Forretningsbygg (saldogruppe h)			OPPTENT EIGENKAPITAL		
1115 Bygg og anlegg, hotell o.l. (saldogruppe g)			2041 Fond for vurd.skilnader i dls.		
1130 Anlegg, maskinar under utføring			2042 Fond for vurderingsskilnader i andre selskap		
1150 Tomter og andre grunnareal			2050 Anna eigenkapital		
1160 Bustad inkl. bustadtomter, hytter m.m.			2080 Udekt tap		
1205 Personbilar, maskinar, inventar mv. (saldogruppe d)			9450 Sum eigenkapital		
1221 Skip, rigger m.m. (saldogruppe e)			LANGSIKTIG GJELD		
1225 Fly, helikopter m.m. (saldogruppe f)			2100 Pensjonsplikter		
1239 Vare- og lastebilar, busser m.m. (saldogruppe c)			2120 Utsett skatt		
1280 Kontormaskiner o.l. (saldogruppe a)			2160 Uopptjent inntekt		
1290 Andre driftsmidler			2180 Andre avsetjingar for plikter		
1312 Investeringar i delt.likna dotter- og konsernselskap			2200 Konvertible lån		
1313 Investeringar i andre dotter- og konsernselskap			2210 Obligasjonslån		
1320 Lån til foretak i same konsern			2220 Gjeld til kredittinstitusjonar		
1331 Investeringar i delt.likna tilknytte selskap			2260 Gjeld til selskap i same konsern		
1332 Investeringar i andre tilknytte selskap			2280 Stille interessentinnskott og ansvarleg lånekapital		
1340 Lån til tilknytte selskap og felles kontrollert verksemd			2290 Anna langsiktig gjeld		
1350 Investeringar i aksjar, partar og verdipapirfondspartar			9500 Sum langsiktig gjeld		
1360 Obligasjonar			KORTSIKTIG GJELD		
1370 Krav mot eigarar, styremedl. o.l.			2310 Konvertible lån (byggjelån m.m.)		
1380 Krav mot tilsette			2320 Sertifkatlån		
1390 Andre krav			2380 Kassakreditt		
9300 Sum anleggsmidler			2400 Leverandørgjeld		
OMLØPSMIDLAR			2500 Skatt som skal betalast, ikkje utlikna		
1400 Varelager			2510 Skatt som skal betalast, utlikna		
1500 Kunde krav, inkl. i same konsern			2530 Refusjon skatt etter sktl § 16-40		
1530 Opptent, ikkje fakturert driftsinntekt			2600 Skattetrekk og andre trekk		
1560 Andre krav mot på selskap i same konsern			2740 Skyldig meirverdiavgift		
1570 Andre kortsiktige krav			2770 Skyldig arbeidsgivaravgift		
1780 Krav på innbetaling av selskapskapital			2790 Andre offentlege avgifter		
1800 Ikkje-marknadsbaserte aksjar og partar			2800 Avsett utbytte		
1810 Marknadsbaserte aksjar og verdipapirfondspartar			2900 Forskott frå kundar		
1830 Marknadsbaserte obligasjonar, sertifikat m.m.			2910 Gjeld til tilsette og eigarar		
1840 Andre obligasjonar og sertifikat			2920 Gjeld til selskap i same konsern		
1880 Andre finansielle instrument			2949 Lønn, feriepengar o.l.		
1900 Kontantar			2950 Påløpt rente		
1920 Bankinnskott			2970 Uopptent inntekt		
9350 Sum omløpsmidlar			2980 Avsetjing for plikter		
9400 Sum eigedelar			2990 Anna kortsiktig gjeld		
			9550 Sum kortsiktig gjeld		
			9650 Sum eigenkapital og gjeld		

Berekening av næringsinntekt (i heile kroner)

Org.nr

Fødselsnr.

0600 Årsresultat frå post 9200 (side 2)

Tillegg for	0610	Representasjonskostnader utan frådragsrett			
	0620	Kontingentar/gåver utan frådragsrett			
	0630	Sum skattekostnad			
	0640	Rentekostnad på ilikna skatt			
	0650	Andre kostnader utan frådragsrett (spesifiserast i eige vedlegg)			
	0660	Tilbakeføring av negativ resultatdel tilknytt investering i dotterselskap, tilknytt selskap og felleskontrollert verksemd (sjå post 8006)			
	0670	Foreslått utbyte frå dotterselskap og tilknytt selskap ved bruk av eigenkapitalmetoden			
	0680	Tilbakeføring av verdireduksjon av marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar (sjå post 8100)			
	0690	Rekneskapsmessig tap ved realisasjon av aksjar og andre verdipapir			
	0700	Rekneskapsmessig vinst ved realisasjon av aksjar og andre verdipapir			
	0710	Regnskapsmessig nedskrivning av aksjar og andre verdipapir som er kostnadsført i året			
	0720	Del av rekneskapsmessig underskott i deltakarlikna selskap			
	0730	Del av skattemessig overskott i deltakarliknede selskap			
	0740	Rekneskapsmessig tap ved realisasjon av part i deltakarlikna selskap			
	0750	Skattemessig vinst ved realisasjon av part i deltakarlikna selskap			
0760	Anna inntekt			+	
Frådrag for	0800	Renteinntekt på tilbakebetalt skatt			
	0810	Andre frådrag (må spesifiserast i eige vedlegg)			
	0815	Evt. egne sjukepengar ført som inntekt i resultatrekneskapet (inntektsførast i sjølvmeldinga post 2.7.5/2.7.6 eller 2.7.7)			
	0820	Tilbakeføring av positiv resultatdel tilknytt investering i dotterselskap, tilknytt selskap og felleskontrollert verksemd (se post 8005)			
	0830	Tilbakeføring av verdiauke av marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar (sjå post 8080)			
	0840	Regnskapsmessig vinst ved realisasjon av aksjar og andre verdipapir			
	0850	Skattemessig tap ved realisasjon av aksjar og andre verdipapir			
	0860	Reversering av tidlegare års nedskrivning på aksjar m.m. som er inntektsført (sjå rettleiinga)			
	0870	Del av rekneskapsmessig overskott i deltakarlikna selskap			
	0880	Del av skattemessig underskott i deltakarlikna selskap			
0890	Rekneskapsmessig vinst ved realisasjon av part i deltakarlikna selskap				
0900	Skattemessig tap ved realisasjon av part i deltakarlikna selskap			÷	
0930	Endringer i skilnader som påverkar høvet mellom rekneskapsmessig og skattemessig inntekt frå post 100 i skjemaet RF-1217 «Spesifikasjon av skilnader...».				
0940	Sum , skal førast over til «Skjema for utrekning av personinntekt» (RF-1224)				
0950	Frådrag for renteinntekter og inntektsført avkasting på livsforsikring (Posten fylles ikkje ut av deltagerliknede selskap)			÷	
0960	Tillegg for gjeldsrenter (Posten fylles ikkje ut av deltakarlikna selskap)			+	
0970	Frådrag for aksjeutbyte (Posten fylles ikkje ut av deltakarlikna selskap)			÷	
For samvirkeføretak	0980	Frådrag for avsetjing til kjøpsutbyte til medlemmer av samvirkeføretak		÷	
	0990	Frådrag for avsetjing til felleseigd partskapital for samvirkeføretak (sjå rettleiingen)		÷	
0999	Næringsinntekt/-underskott overføres til sjølvmeldinga. Deltakarlikna selskap skal føre over talet til selskapsoppgåva (sjå rettleiinga)				
0998	Næringsunderskott overføres til sjølvmeldinga. Deltakarlikna selskap skal føre over talet til selskapsoppgåven (sjå rettleiinga)				
Er verksemda revisjonspliktig? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Skal det for verksemda fastsetjast personinntekt etter sktl kap. 12? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei					
Underskrift				Dato	
Spørsmål rettast til				Telefonnr.	
Revisors underskrift			Revisomr.	Revisjonsselskapets namn	
Revisors namn	Adresse			Postnr./stad	

Vi viser til rettleiing som er utarbeidd til hjelp ved utfyllinga av næringsoppgåva; Fastsett av Skattedirektoratet med hjemmel i Finansdepartementets delegeringsvedtak av 24. oktober 1991, jf. likningslova § 4-4 nr. 7



Næringsoppgåve 2 skal leverast av alle aksjeselskap og andre føretak som har rekneskapsplikt etter lov om årsrekneskap av 17. juli 1998 nr. 56 (rekneskapslova) § 1-2 første ledd (fullt rekneskapspliktige).

Fullt rekneskapspliktige etter rekneskapslova § 1-2 første ledd er følgjande føretak:

- * aksjeselskap og allmennaksjeselskap
- * statsføretak
- * ansvarlege selskap og kommandittselskap med unntak av:
 - interkommunale selskap
 - selskap som har mindre enn fem mill NOK i salsinntekt, færre enn fem tilsette og færre enn seks deltakarar (unntateke partrederi). Ingen av deltakarane kan vere juridiske personar med avgrensa ansvar.
- * finansinstitusjonar og andre føretak under tilsyn av Kredittilsynet
- * verdipapirfond
- * samvirkelag som har salsinntekter over to mill NOK
- * bustadbyggjelag, bustadsameige og sameige av eigarseksjonar
- * økonomiske foreiningar
- * andre foreiningar som har eigneluter med verdi over 20 mill NOK eller fleire enn 20 tilsette
- * enkeltmannsføretak som samla har eigneluter med verdi over 20 mill NOK eller fleire enn 20 tilsette
- * utanlandske føretak som driv skattepliktig verk semd i Noreg eller på norsk sokkel

Boligbyggelag, borettslag og eierseksjonssameige driv ofte ikkje virksomhet, jfr Ligningsloven § 4-4 nr 1, og skal da ikkje levera næringsoppgåve 2.

Føretak som ikkje har full rekneskapsplikt etter rekneskapslova § 1-2 første ledd, men som har avgrensa rekneskapsplikt etter § 1-2 andre ledd skal i utgangspunktet levere Næringsoppgåve 1 (RF-1175). Føretak som ikkje har full rekneskapsplikt etter rekneskapslova, men som frivillig utarbeider fullt årsoppgjer oppgjort og vurdert i samsvar med reglane i rekneskapslova kan likevel velje å nytte Næringsoppgåve 2 i staden for Næringsoppgåve 1. Føresetnaden for å kunne velje er at det vert utarbeid eit fullstendig årsoppgjer etter rekneskapslovas reglar, inklusiv noteopplysningar. For denne gruppa rekneskapspliktige kan reglane for små føretak nyttas. Dette inneber forenklingar mht noteopplysningar mv. Ein viser i denne samanheng også til NRS 8 – god rekneskapskikk for små føretak. Føretak med avgrensa rekneskapsplikt skal skattemessig periodisere inntekter og kostnader etter realisasjonsprinsippet (ikkje rekneskapsprinsippet som for føretak med full rekneskapsplikt). I tillegg gjeld for føretak med avgrensa rekneskapsplikt dei særlege skattemessige periodiseringsreglane i skattelova § 14-4 med unntak av annet og tredje ledd. Korrigeringar mellom rekneskapsprinsippet og den skattemessige periodiseringa skal gjennomførast i skjemaet RF-1217 "Spesifikasjon av forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar." Føretak som frivillig utarbeider årsrekneskap og som nyttar Næringsoppgåve 2 i staden for Næringsoppgåve 1 skal krysse av i rubrikken øvst på side 1. Kommunale føretak som er ein del av kommunen som juridisk person og som ved utarbeiding av årsrekneskap følger kommunale prinsipp, skal som eit utgangspunkt nytte Næringsoppgåve 1. Hvis føretaket frivillig

utarbeider fullt årsoppgjer oppgjort og vurdert etter reglane i rekneskapslova kan det likevel velje å nytte Næringsoppgåve 2.

Næringsoppgåve er på 4 sider og inneheld på side 1 felt for spesifikasjonar og tilleggssopplysningar som skal gjevast. Næringsoppgåve side 2 og 3 inneheld oppstilling over resultatrekneskap og balanse. Det er resultat og balanse i samsvar med rekneskapslova sine reglar som skal innførast her.

Til side 4 skal årsoverskot/underskot frå side 2 samt sum endring i forskjellar frå skjemaet "Spesifikasjon av forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar" (RF-1217) overførast. Forøvrig vert det på side 4 gjennomført andre nødvendige korreksjonar for å kome fram til ei næringsinntekt/ underskot som skal overførast til sjølvmeldinga.

Jamføringar til sidenummer i rettleiinga gjeld side i næringsoppgåve.

Næringsoppgåve 2 skal leverast som vedlegg til sjølvmeldinga (enten sjølvmelding for aksjeselskap, aksjefond, bankar og andre upersonlege skattyatarar (RF-1028) eller sjølvmelding for næringsdrivande mv. (RF-1027)), eller som vedlegg til Selskapsoppgåve for ansvarlege selskap mv. (RF-1215) eller Selskapsoppgåve for kommandittselskap (RF-1226).

Føretak som er pliktig til å bruke næringsoppgåve 2, 3 eller 4 eller frivillig bruker næringsoppgåve 2 skal fylle ut skjema RF-1052 "Avstemming av eigenkapital mv". Skjemaet skal leverast som vedlegg til næringsoppgåve. Rettleiing til skjema for avstemming av eigenkapital mm er teken inn bakerst i rettleiinga til Næringsoppgåve 2.

Føretak som driv drosje- og lastebilnæring skal som vedlegg til næringsoppgåve fylle ut tilleggsskjema for drosje- og lastebilnæring (RF-1223).

Føretak som driv overnattings- og serveringsstader med skjenkeløyve for øl, vin eller brennevin skal som vedlegg til næringsoppgåve fylle ut og levere "Tilleggsskjema for overnattings- og serveringsstader med skjenkeløyve for øl, vin og brennevin" (RF-1122).

Føretak som driv oppdrett av pelsdyr, skal ved sidan av næringsoppgåve leggje ved spesifikasjon over:

- talet på dyr ved inngangen og utgangen av året, medrekna tilgang og avgang i året
 - kjøpte dyr i året, herunder type, kvanta, kjøpesum, samt namn og adresse til seljaren
 - verdien av skinn og dyr ved utgangen av året
- Føretaket kan som alternativ til eigen spesifikasjon fylle ut felta for opplysningar om dyr og skinn på side 1 i "Næringsoppgåve for pelsdyrgardar" (RF-1203).

Der rettleiinga omtalar fiske, gjeld omtalen tilsvarende for fangst.

Med heimel i likningslova § 4-4 og Finansdepartementet sitt delegeringsvedtak, har Skattedirektoratet 24. oktober 1988 fastsett forskrift som gir høve til å sende inn datautskrift i staden for "Næringsoppgåve 2 for aksjeselskap og andre føretak som utarbeider årsrekneskap etter

rekneskapslova". Forskrifta stiller detaljerte krav til innhald, utforming og kvalitet/format på utskrifta.

Den næringsoppgåve som ligg føre, er utarbeidd som eit felles skjema for likningsstyresmaktene og Statistisk sentralbyrå.

Etter § 3 i lov om autorisasjon av rekneskapsførarar skal namn og forretningsadresse på ekstern rekneskapsførar påførast alle dokument som rekneskapsførar utarbeider for oppdragsgjeveren. Det er avsett eit eige felt øvst på side 1 for dette. Dette feltet skal også fyllast ut dersom ekstern rekneskapsførar berre har ført rekneskapen, men ikkje har fylt ut næringsoppgåve. Det skal då kryssast av for nei på kontrollspørsmålet. Det skal vidare kryssast av for om rekneskapen er ført av ekstern rekneskapsførar.

Særlig om bruk av forteikn i skjema

Hovudregel

I utgangspunktet skal alle tal innrapporterast utan forteikn når det klart går fram av teksten om talet skal leggjast til eller trekkjast frå i forhold til den samanhengen det blir ført inn i. Det skal altså ikkje brukast minusteikn når det går fram av teksten at det dreier seg om kostnader, underskott mv., og tilsvarende ingen plussteikn ved inntekter, overskott mv. Et unntak fra dette kan illustrerast ved følgjande **eksempel** :

Ein utleiaktivitet har i inntektsåret gjeve større utgifter enn inntekter:

Inntekter	30.000
utgifter	35.000
underskott	- 5.000

For å føre dette underskotet på 5 000 kroner inn i ein post med tekst "Inntekt ved utleiige" må beløpet setjast med negativ forteikn for å kunne trekkjast frå - det er jo ein kostnad (det motsette av teksten) og ikkje ei inntekt.

Presiseringar

Dersom eit felt har forhåndstrykt forteikn (positivt eller negativt) skal talet som blir innrapportert vere utan forteikn. Forteikn skal berre brukast i dei tilfella der ein ønskjer å innrapportere eit beløp med omvendt forteikn av det som er forhåndstrykt. I sum- og resultatfelt skal ein alltid bruke minusteikn når summen er negativ.

SIDE 1 I NÆRINGSOPPGÅVA

Rekneskapsperiode

Her skal starttidspunkt og avslutningstidspunkt (dato) for rekneskapsperioden førast, normalt 01.01.01 til 31.12.01 (andre tidspunkt kan vere aktuelle ved t.d. oppstart eller opphør av verksemda i løpet av året). Datoen skal oppgjevast med seks siffer, som i dømet ovanfor. Dersom verksemda har avvikande rekneskapsår skal den rekneskapsperioden som er nytta oppgjevast, t.d. 01.06.01 til 31.05.02.

Gjennomsnittleg tal tilsette i rekneskapsåret

Som tilsette vert rekna alle personar som arbeider for arbeidsgjeveren og som mottar kompensasjon for utført arbeid i form av løn, gasje, honorar, gratiale, naturalytningar o.l. Også tilsette som arbeider deltidd skal reknas med. Midlertidige fråverande på grunn av ferie, sjukdom, arbeidskonflikt o.l. skal reknast med, mens fråverande på grunn av militærtjeneste skal haldast utanfor. Gjennomsnittet vert rekna ved å summere talet på tilsette ved inngangen og utgangen av rekneskapsperioden og dividere med to.

Næring (type verksemd)

Gi ei så nøyaktig framstilling som mogleg av den verksemda som vert utført. Eksempel på framstilling av næringsveg er:

Industri

- produksjon av hushaldnings-, sanitær- og toalettartiklar av papir
- produksjon av byggevarer av plast

Handel

- agenturhandel med tømmer, trelast og byggevarer
- engroshandel med elektriske hushaldningsapparater
- butikkhandel med kjøtt og kjøttvarer
- torghandel

Utanlandske verksemdar skal oppgje den verksemda som vert utøvde i Noreg.

Er reglane for små føretak nytta?

Som store føretak vert rekna almenrettsvesenlege og rekneskapspliktige med børsnoterte aksjar, partar, grunnfondsbevis eller obligasjonar og føretak som har ein særleg samfunnsøkonomisk eller marknadsmessig verdi, jf. RL § 1-5.

Som små føretak vert rekna føretak som ikkje vert rekna som store og som etter dei to siste årsrekneskapa oppfyller to av følgjande tre vilkår:

1. har mindre enn 40 millionar kroner i salsinntekt
2. har mindre enn 20 millionar kroner i balansesum
3. har færre enn 50 tilsette.

Morselskap vert berre rekna som små føretak dersom vilkåra ovanfor er oppfylt for konsernet som heilskap.

Tilleggsopplysningar og spesifikasjonar:

Varelager

Skattemessig verdi av lager av varer skal setjast til nyskaffingsverdi. For varer som er tilverka i verksemda, skal verdien av lageret skattemessig setjast til tilverksverdi. Tilverksverdien omfattar direkte produksjonskostnader som: råstoff, halvfabrikata, hjelpestoff (brensel, smøring, produksjonsstraum mv.) og produksjonsløn. Prosjekt oppført for eiga rekning med sikte på sal, skal verdsettast til tilverksverdi. Det er i forskrift gitt adgang for bokforlag og bokhandlarar til på visse vilkår å fråvike tilverks- og nyskaffingsverdi ved verdsettjinga av lageret av bøker, jf. § 14-15-1 i Finansdepartementets forskrift av 19. November 1999 nr 1158. Verdien av varelageret skal først i postane 0110 - 0140. Varelager skal skattemessig vurderast etter FIFU-prinsippet dersom ein ikkje kan individualisere varene.

Bruttofortjeneste på varer for videresal

Føremålet med spesifikasjonen er å kome fram til kva bruttofortjeneste (post 0250) verksemda har oppnådd på omsetnaden av handelsvarer. Under post 0210 og 0220 skal respektive avgiftspliktige og avgiftsfrie varesal spesifiserast, medan forbruk av innkjøpte handelsvarer (varekostnad) skal først i post 0240.

Utrekning av skattemessig verdi på kundekrav

Under post 0410 skal først kundekrav til pålydande verdi pr. 31.12.2001 og 31.12.2000. Skattemessig nedskriving på kundekrav skal først i post 0420. Slik nedskriving skal alltid visast ved at beløpa er fylte ut i oppstillinga. Nyetablerte verksemdar kan det krevje nedskriving på uteståande kundekrav med 2 prosent ved utgangen av etableringsåret og dei to påfølgjande inntektsåra, jf. skattelova § 14-5 nr 4 d. Slike verksemdar skal ikkje fylle ut rubrikkane for konstaterte tap på kundekrav og kredittsal under post 0420. Kundekrav ved slutten av året og nedskrivinga må likevel først. Når det gjeld sjablonmessig utrekna tap på kundekrav, viser ein til Finansdepartementets forskrift av 19. november 1999 nr 1158 § 14-5 B.

I post 0440 fører ein andre krav enn kundekrav til pålydande verdi. Dette gjeld også langsiktige krav. Krav i næring som er konstaterte endeleg tap, skal først opp med null i verdi. Om når tap på uteståande krav i næring skal rekna som endeleg konstateret, viser ein til Finansdepartementets forskrift av 19. november 1999 nr 1158 § 14-5 B.

Årets kjøp og sal av driftsmidlar

I postane 0510-0580 skal det først nyskaffingar i løpet av rekneskapsperioden til nyskaffingskost, og sal av driftsmidlar i løpet av perioden til salssum. I kolonna for nyskaffingar skal rekna med driftsmiddel som er aktivert i året (balanseført i postane 1000-1290), inkludert kjøp av nye og brukte driftsmiddel, påkostningar på eksisterande driftsmiddel, anlegg under utføring og egne investeringsarbeider. Driftsmiddel som er kostnadsført (se post 6500) skal ikkje gys opp her. I kolonna for sal skal det berre først opp driftsmiddel som er selde i året. Driftsmidlar som er avhenda vederlagsfritt eller er utrangert i perioden skal ikkje først opp. Som nyskaffing/sal av driftsmiddel rekna ikkje tilgang/avgang som følger av fusjon eller fisjon av føretak, og ikkje endring i utsett skattefordel.

Side 2 og 3 i næringsoppgåva

Generelt om resultatrekneskap og balanse

Resultatrekneskapen og balansen byggjer i det vesentlege på rekneskapslova av 17. juli 1998. Nummereringa har teke utgangspunkt i Norsk Standard, NS 4102 (med bruk av 0 som siste siffer). Ein del postar har likevel ei noko anna inndeling enn kontoplanen. Finansrekneskapen skal baserast på reglane i rekneskapslova samt god rekneskapskikk. Både resultatrekneskap og balanse skal også vise tala for føregåande år.

Resultatrekneskapen

Driftsinntekter og driftskostnader

Post 3000 Salsinntekt og uttak - avgiftspliktige

Her skal først inntekt av sal/uttak av avgiftspliktige varer og tenester i perioden. Frakter og spesielle offentlege avgifter skal medrekna, medan rabattar, returar o.l. skal vere trekte frå. Salet skal først eksklusiv meirverdiavgift, og interne transaksjoner mellom føretaket sine avdelingar skal ikkje takast med. Verksemdar som ikkje har avgiftspliktig omsetning skal ikkje føre noko her (sjå postane 3100 og 3200).

Post 3100 Salsinntekter og uttak -avgiftsfrie

Her skal først verdien av alle avgiftsfrie varer og tenester som er selt eller tatt ut i perioden. Uttak av fisk frå verksemda til aksjonær og tilsette skal takast med her. Uttak til fordel for aksjonær skal verdsettast til den pris som kunne vorte oppnådd ved vanlig omsetning av fisken.

Post 3200 Salsinntekter og uttak, utanfor avgiftsområdet

Her skal først inntekta av sal/uttak av varer/tenester som fell utanfor meirverdiavgiftslova. Døme på slike inntekter er utleige av rom på hotell, inntekt av persontransport, legeverksemd, advokatverksemd mv. Posten skal vere inkludert andre spesielle offentlege avgifter, men rabattar, returar o.l. skal vere trekte frå.

Post 3300 Særskilde offentlege avgifter vedkommande sal

Denne posten omfattar alle dei spesielle offentlege avgiftene (særlavgifter) som er inkludert i postane 3000, 3100 og 3200. Her skal først m.a. produktavgifta. Posten skal trekkjast frå driftsinntektene.

Post 3400 Offentleg tilskot/refusjon

Her skal først tilskot/refusjonar som verksemda mottek frå det offentlege. Refusjonar frå folketrygda for behandlingar til legar, tannlegar, fysioterapeutar m.v. skal først her. Ekstraordinære tilskot som t.d. rentesubsidiar, likviditetstilskot, investeringstilskot mv. skal ikkje først her, men takast med under ekstraordinære inntekter i post 8400.

I fiske skal først offentleg tilskot vedrørende fisket som ikkje går inn i fangstavrøkingane og som ikkje er tatt med i postane 3100/3200. Dette kan t.d. gjelde eignartilskot.

Post 3500 Uopptent inntekt

For at ei inntekt skal rekneskapsførast med resultatverknad må ho vere opptent. I praksis må vara eller tenesta vere levert for å kunne rekna som opptent. I ein del tilfelle vil delar av ein transaksjon ikkje vere opptjent fordi levering ikkje har funne stad. T.d. vil ein del av salssummen for ein bil som vert selt med fri service i 3 år kunne seiest å gjelde levering av ei serviceteneste som ikkje vert levert før på eit seinare tidspunkt. Inntekta må dermed reduserast med den delen som gjeld framtidige serviceleveransar (uopptent inntekt). Slik uopptent inntekt vert sett på som gjeld (langsiktig eller kortsiktig) og skal balanseførast i post 2160 eller 2970. Post 3500 er ein periodiseringspost og vil korrigere inntekta med årets uopptente inntekt (negativt beløp) og tidlige års uopptent inntekt som skal inntektsførast i år (positivt beløp). Periodiseringsreglane rekneskapsmessige og skattemessige er ulike. For å få korrekt skattemessig resultat vert periodiseringsforskjellane korrigert i skjema RF-1217 "Spesifikasjon av forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar".

Post 3600 Leigeinntekt frå fast eigedom

Her først leigeinntekt frå fast eigedom samt verdi av eigen bruk av fast eigedom (bustad, forretningseigedom mv).

Post 3800 Vinst ved avgang av anleggsmiddel

Vinst ved avgang av anleggsmidlar vert normalt sett på som driftsinntekter. Det er den rekneskapsmessige vinsten som skal først her. Korreksjonar for skattemessige forhold kjem fram i skjemaet "Spesifikasjon av forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar" postane 1 - 3. Er vinsten av ekstraordinære karakter skal han først i post 8400. Sjå også post 7800 om tap ved avgang av anleggsmidlar.

Post 3900 Anna driftsrelatert inntekt

Her fører ein andre driftsrelaterte inntekter som ikkje er tekne med under postane lenger framme. Dette gjeld t.d. provisjonsinntekter, inntekter som gjeld royalties, lisensinntekter o.l.

Post 4005 Varekostnad

For handelsbedrifter omfattar denne posten selde varers inntakskost (post 0240 side 1) for omsetning som er teke med i postane 3000, 3100 og 3200. Endringa av lageret av råvarer, innkjøpte halvfabrikata og innkjøpte varer for vidaresal skal vere inkludert i denne posten. Rekneskapsmessig nedskriving for ukurans og prisfallsrisiko skal takast med her. Korreksjonar for dei skattemessige verdiane kjem fram i skjemaet "Spesifikasjon av forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar" postane 31-33.

Post 4295 Lagerending av varer under tilverking og ferdig tilverka varer

Her fører ein dei rekneskapsmessige endringane i behaldningane på varer under tilverking og ferdig eigentilverka varer. Ein reduksjon i behaldninga aukar driftskostnadene, medan ein auke i behaldninga reduserer driftskostnadene (talet først da med minus teikn føre beløpet). Korreksjonar for skattemessige forhold kjem fram i skjemaet "Spesifikasjon av forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar" postane 31-33.

Post 4500 Framandytelse og underentreprise

Her fører ein forbruk av framandytelse og underentreprise.

Post 4995 Lagerending av eigentilverka anleggsmidlar

Her fører ein endring i behaldning av eigentilverka anleggsmidlar.

Post 5000 Løn, feriepengar m.m.

I denne posten fører ein alle former for løn i tenesteforhold, og godtgjering til styre-, representantskapsog bedriftsforsamlingsmedlemmer. Beløpet som skal først her er det plikt til å lønsmelde og å svare arbeidsgjevaravgift av. Hyre skal først her, men hyre til aktiv fiskar skal det likevel

ikkje svarast arbeidsgjevaravgift av. Her fører ein premie for individuell livrenteforsikring og kapitalforsikring der arbeidstakaren er begunstiga. Premie i kollektive livrenteordningar kan behandlast som lønsutgifter med frådragsrett og skal i såfall førast her. Når premien i kollektive livrenteordningar ikkje blir behandla som løn, fører ein denne i post 5900. I livrenteordningar og kapitalforsikringar med arbeidstakarar som begunstiga er ein i alle tilfelle pliktig til å svare arbeidsgjevaravgift av premien.

Post 5300 Anna oppgåvepliktig godtgjering
Her fører ein utbetaling av lott o.l. i fiske og fangst.

Post 5420 Oppgåvepliktig pensjonskostnad
Her fører ein kostnader til løpande pensjonsutbetalningar.

Post 5600 Arbeidsgodtgjering til eigarar i ANS m.v.

Her førast godtgjersle til deltakar i deltakarlikna selskap etter selskapslova § 2-25, jf. § 2-26 første ledd, og arbeidsgodtgjersle som blir utbetala ved ein skjevdeling av overskot. Mannslott til deltakar i deltakarlikna selskap tas med her. Beløpet skal omfatte dekt premie ved tariffesta pakkeforsikring.

Post 5900 Anna personalkostnad

Avhengig av rekneskapsmessig vurderingsprinsipp skal årets endring i pensjonsforpliktingar eller premie til pensjonsforsikringar og andre kostnader til framtidige pensjonar førast i denne posten.

Her fører ein også personalgåver, kostnader til fri kantine, kurs, bedriftshytte, tenestebustader, bedriftsidrettslag o.l. Innbetalt premie etter lov om yrkesskadeforsikring skal også førast her. Meirpremie for sjuke- og ulykkesforsikring utover lovpålagt yrkesskadeforsikring skal derimot, når arbeidstakaren er begunstiga, behandlast som løn og førast i post 5000. Her under post 5900 fører ein premie til tenestepensjonsforsikring etter skattelova og andre pensjonskostnader som gjeld reelle ytingsplanar.

Korreksjonar for forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige pensjonskostnader kjem fram i skjemaet "Spesifikasjon av forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar", sjå postane 72 - 74. Premie til tenestepensjonsforsikring etter skattelova vil det alltid vere frådragsrett for. Elles vil det ikkje vere frådragsrett i skattepliktig inntekt for pensjonskostnader som gjeld sikring av plikt til framtidige pensjonsutbetalningar. Eingongspremie til forsikringsselskap til avløyning av løpande aktuelle pensjonsforpliktingar til tidlegare tilsett er det frådragsrett for.

Post 6000 Avskriving på varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar

Her fører ein ordinære rekneskapsmessige avskrivingar etter rekneskapslova sine reglar. Korreksjonar for skattemessige forhold kjem fram i skjemaet "Spesifikasjon av forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar" postane 1-3.

Post 6050 Nedskriving på varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar

Her fører ein nedskrivingar på anleggsmidlar når den verkelege verdien av anleggsmidla er lågare enn den rekneskapsmessige verdien, og når dette ikkje skuldast årsaker av forbigående art, jf. rekneskapslova § 5-3 andre ledd. Korreksjonar for skattemessige forhold kjem fram i skjemaet "Spesifikasjon av forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar" postane 1-3.

Post 6695 Reparasjon og vedlikehald anna

Her fører ein kostnader til vedlikehald/ reparasjon på formuesgjenstandar som vert brukt i verksemda. Arbeid som fører formuesgjenstanden til ein betre stand enn han tidlegare har vore, er ikkje å rekne som vedlikehald. Utgifter til slikt arbeid skal reknast som påkostingar og skal aktiverast.

Post 7000, 7020 og 7040 Kostnader som gjeld transportmidlar

Her fører ein alle kostnader som gjeld personbilar, stasjonsbilar, varebilar og lastebilar fordelt på de tre ovanfor nemnde postane. Dei som driv drosje- og lastebilnæring skal vedlegge "Tilleggsskjema for drosje og lastebilnæring" (RF-1223). Om kven som skal levera skjemaet "Opplysningar om bruk av bil" (RF-1125), se rettleiing til dette skjema. Rekneskapsmessige avskrivingar skal førast i post 6000. Bompengar, parkeringsutgifter, ferjebilletter mv. skal førast på post 7155 eller 7165 som ein reisekostnad.

Post 7080 Bilkostnader, bruk av privat bil i næring

Dersom det ligg føre nøyaktig registrert bilbruk i næring kan ein sjølvstendig næringsdrivande i et einmannsforetak kreve frådrag for bruk av privatbil i verksemda etter satsane for bilgodtgjersle. For 2001 er satsen kr 3,20. Frådrag etter sats kan ein kun kreva for inntil 6000 km. Det er i disse tilfella ikkje plikt til å levera bilskjema. Denne posten kan ikkje nyttas for ansvarleg selskap m.m. Utbetaling av godtgjersle til ein deltakar for bruk av eigen bil i verksemda, skal ein føra som en leigeutgift, post 6400.

Post 7099 Privat bruk av næringsbil

Her tilbakeførast for førdel ved privat bruk av næringsbil basert på ei årlig kjørelengde på 10 000 km multiplisert med ei kilometersats. Kjørelengde til og frå arbeid kjem i tillegg. Eventuelt reknast tillegget til 50 % av bilkostnader etter regelen i skattelova § 6-12.

Post 7155 Reise- og diettkostnader, bilgodtgjering, oppgåvepliktig

Her fører ein alle kostnader som bedrifta har til reise, diett og bilgodtgjering som er lønsoppgåvepliktige. Ikkje-oppgåvepliktige reisekostnader skal førast i post 7165.

Post 7490 Kontingent og gåve

Kontingentar og gåver skal førast her. Kontingentar og gåver som det ikkje er frådragsrett for, skal leggjast til næringsinntekta i post 0620 på side 4.

Post 7500 Forsikringspremie

Her fører ein forsikringskostnader som bedrifta har med unntak av bilforsikringar, som skal førast under post 7040. Forsikring av båt og redskap må korrigerast for eventuell refunderst forsikringspremie pga landligge mv. Her fører ein også premie for pakkeforsikring.

Post 7565 Garanti- og servicekostnad

Her fører ein kostnader i samband med service- og garantiytningar. Eventuelle avsetningar som ikkje kjem til frådrag skattemessig vert korrigert i skjemaet "Spesifikasjon av forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar" post 54.

Post 7600 Lisens-, patentkostnad og royalties

Her fører ein kostnader til patentar, lisensar og royalties i samband med eigen produksjon/eige sal.

Post 7700 Anna kostnad

Her fører ein eventuelle andre driftskostnader som ikkje skal førast på dei andre postane.

Post 7800 Tap ved avgang av anleggsmidlar

Tap ved avgang av anleggsmidlar vert normalt sett på som ein driftskostnad. Det er det rekneskapsmessige tapet som skal førast her. Korreksjonar for skattemessige forhold kjem fram i skjemaet "Spesifikasjon av forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar" postane 1-3. Se også post 3800.

Post 7830 Tap på krav

Her fører ein rekneskapsmessig tap på krav. Korreksjonar for skattemessige forhold kjem fram i skjemaet "Spesifikasjon av forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar" postane 41-44.

Finansinntekter og finanskostnader

Post 8005 og 8006 Resultatandel vedr. Investeringar i DS (datterselskap), TS (tilknytt selskap) og FKV (felleskontrollert verksemd)

For verksemdar som har investeringar i datterselskap, tilknytt selskap eller felleskontrollert verksemd skal resultatpart/utbytte resultatførast i post 8005/8006 uavhengig av om det er eigenkapitalmetoden eller kostmetoden som vert brukt. Ved bruk av eigenkapitalmetoden sjå post 1312-1332. Dersom selskapet har resultatpartar frå fleire selskap, er det summen av resultatpartane som skal førast. Post 8005/8006 er ikkje ein skattemessig resultatpost og skal tilbakeførast på side 4 i post 0660 ved netto negativt resultat og post 0820 ved netto positivt resultat.

Ved bruk av bruttometoden skal inntekter og kostnader førast på dei respektive resultatpostane.

Postane 8060 og 8160 Valutavinst (agio) Valutatap (disagio)

Her fører ein vinst/tap på fordringar og gjeld i utanlandsk valuta. Forskjellen mellom skattemessige og rekneskapsmessige vinstar/tap på langsiktige fordringar og gjeld kjem fram i skjemaet "Spesifikasjon av forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar", postane 11-13.

Post 8070 Anna finansinntekt

Her inngår m.a. vinst ved realisasjon av verdipapir, herunder obligasjonar/mengdegjeldsbrev, part i obligasjonsfond, finansielle opsjonar og avkastning på sparedelen av livsforsikring. Her fører ein også part av overskot og utbytte frå selskap som ikkje er datterselskap, tilknytt eller felleskontrollert. Beløpet skal tilbakeførast på side 4.

Post 8080/8100 Verdiauke-/reduksjon av marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar

Merk at post 0880 (i skjema for 2000) er splitta i to eit felt for verdiauke og eit for verdireduksjon. Rekneskapsmessig vert marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar på visse vilkår verdsett til verkeleg verdi. I post 8080/8100 skal resultatverknaden av endringa i virkelig verdi førast. Skattemessig vert det ikkje teke omsyn til urealiserte vinstar/tap ved slike verdiendringar. Posten skal difor tilbakeførast på side 4, enten i postane 0680 eller i post 0830.

Post 8170 Anna finanskostnad

Her inngår m.a. nedskriving på, og tap ved realisasjon av verdipapir, herunder obligasjonar-/mengdegjeldsbrev, part i obligasjonsfond og finansielle opsjonar. Her fører ein også part av underskot frå selskap som ikkje er datterselskap, tilknytt eller felleskontrollert. Beløpet skal tilbakeførast i post 0710.

Postane 8300 og 8600 Betalbar skatt

Her fører ein årets venta skatt hhv. på ordinært resultat og ekstraordinære inntekter/ kostnader, korrigert med for mykje eller for lite avsett skatt frå forrige år. Venta refusjonskrav etter skattelova § 16-40 skal ikkje takast med her, men i post 8310. Postane gjeld berre aksjeselskap, allmennaksjeselskap mm.

Post 8310 Refusjon skatt etter skattelova § 16-40

Her fører ein venta refusjonskrav i samsvar med skattelova § 16-40 av skatt på personinntekt som skal tilordnast aksjonærar som er aktive i verksemda. Postane kan berre brukast av aksjeselskap, allmennaksjeselskap mm. og deltakarlikna selskap. Sjå elles rettleiinga til post 0940.

Post 8320 og 8620 Endring utsett skatt/skattefordel

Her fører ein årets endring i utsett skatt/skattefordel som knyter seg til skatt på dei respektive ordinære og ekstraordinære inntekts- og kostnadspostane der den rekneskapsmessige periodiseringa er ulik den skattemessige, jf.

postane "1070 Utsett skattefordel" og "2120 Utsett skatt" i balansen. Postane gjeld berre aksjeselskap, allmennaksjeselskap mm. Auke i utsatt skatt først utan fortegn (positivt), nedgang utsatt skatt først med negativt fortegn. Auke i utsatt skattefordel først med negativt fortegn, nedgang utsatt skattefordel først utan fortegn (positivt).

Postane 8400 og 8500 Ekstraordinær inntekt og ekstraordinær kostnad

Her fører ein ekstraordinære inntekter/kostnader som ikkje er ført på andre postar.

Balanse

I samsvar med rekneskapslova § 6-2 er eigedelane delt inn i anleggsmidlar og omløpsmidlar. Med anleggsmidlar meiner vi eigedelar bestemte til varig eige eller bruk for verksemda. Andre eigedelar er omløpsmidlar.

Anleggsmidlar og omløpsmidlar

Post 1000 Forsking og utvikling

Her fører ein kostnader til forskning og utvikling som rekneskapsmessig er aktivert.

Post 1070 og 2120 Utsett skattefordel og utsett skatt

Utsett skattefordel inneber at ein i eit seinare år vil ha krav på skattemessig inntektsfrådrag på grunn av postar som allereie er bokført i rekneskopen, eller at ein allereie har gjennomført skattemessig inntektsføring av postar som først seinare skal inntektsførast i rekneskopen. Utsett skattefordel vil ikkje berre finnast på grunn av slike negative midlertidige forskjellar mellom rekneskapsmessig og skattemessig verdifuldering, men også på grunn av skattemessig underskot til framføring eller korreksjonsinntekt som kan trekkest frå seinare når vilkåra er til stades.

Utsett skatt omfattar skatteforpliktingar som kan bli aktuelle når det gjeld postar som alt er inntektsført i rekneskopen, men som først i eit seinare år vil kunne bli inntektsført skattemessig, eller postar som alt er frådragsført skattemessig men som først seinare vil bli bokført i rekneskopen. Slike utsette skatteforpliktingar kan også oppstå når rekneskapsmessige balanseverdier vert endra ved t.d. oppkjøp eller oppskrivning.

For utrekning av utsett skattefordel/utsett skatt viser vi til "Foreløpig Norsk Regnskapsstandard om skatt".

Post 1080 Goodwill

Her fører ein forskjellen mellom nyskaffingskost ved kjøp av ei verksemd og verkeleg verdi på identifiserbare eigedelar og gjeld i verksemda jf. rekneskapslova § 5-7.

Post 1130 Anlegg, maskinar under utføring

Her fører anlegg og maskinar under utføring.

Postane 1312, 1313, 1331 og 1332 Investering i dotterselskap, konsernselskap og tilknytt selskap

Her fører ein verdien av investeringar i dotterselskap, konsernselskap og tilknytt selskap. Verdien på investeringa kan vurderast etter eigenkapitalmetoden eller etter generelle vurderingsreglar (nyskaffingskost) jf. rekneskapslova § 5-17. Ved bruk av eigenkapitalmetoden skal investering vurderast til parten av eigenkapital korrigerert for årets resultat i dotterselskap, konsernselskap eller tilknytt selskap. Positiv forskjell mellom verdi etter eigenkapitalmetoden og nyskaffingskost kjem fram som fond for vurderingsforskjellar jf. post 2041 og 2042.

Post 1400 Varelager

Her fører ein verdiane i samsvar med rekneskapslova § 5-2. Både skattemessig og rekneskapsmessige verdi av varelageret og spesifikasjon av varelageret skal først i postane 0110-0140, "Tilleggsopplysningar varelager". Sjå elles rettleiinga til postane 4005 og 4295.

Post 1500 Kundekrav, inkl. i same konsern

Her fører ein kundefordringar (inkl. vekselfordringar på kundar) etter frådrag for venta tap. Her fører ein også kundefordringar på selskap i same konsern. Skattemessig verdi av kundefordringar skal gå fram av tilleggsopplysningar om skattemessig verdi på fordringar.

Post 1530 Opptent, ikkje fakturert driftsinntekt

Her fører ein verdien av opptente inntekter som enno ikkje er fakturert. Slik inntekt skal resultatførast i aktuell post i 3000-serien.

Postane 1810 og 1830 Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar

Her fører ein verdien av aksjar, obligasjonar, sertifikat mv som vert omsatt i ein organisert marknad og har god eigarspreiing og likviditet. Posten omfattar både omløpsmidlar som er vurdert til nyskaffingskost og dei som er vurdert til verkelegverdi, jf. rekneskapslova § 5-8.

Alle verdipapirfondspartar som vert halde som omløpsmidlar - både partar i obligasjonsfond, pengemarknadsfond, aksjefond og kombinasjonsfond skal først under post 1810. Marknadsbaserte finansielle derivat som haldast som omløpsmidlar skal først i post 1880.

Eigenkapital

Rekneskapslova kapittel 6 skil mellom innskoten og opptent eigenkapital. Dette inneber at ein ikkje kan finne utbyttegrunnlaget etter aksjelovene direkte i balanseoppstillinga.

Ikkje skattlagt eigenkapital skal ikkje framgå av balansen. Etter rekneskapslova kapittel 6 skal utsett skatt visast i balansen, samtidig som endring i utsett skatt skal først i resultatrekneskopen.

Postane 2000, 2010 og 2020 Innskoten eigenkapital

Aksjekapital, evt. innskoten kapital i ANS, enkeltmannsføretak osv. skal først i post 2000. Verksemdar som eig egne aksjar skal føre opp desse med negativt beløp (til pålydande) i post 2010. Overkursfond skal først i post 2020.

Postane 2041 og 2042 Fond for vurderingskilnader

Verksemdar som vurderer dotterselskap og tilknytt selskap etter eigenkapitalmetoden skal føre positiv skilnad mellom verdi etter eigenkapitalmetoden og nyskaffingskost på desse postane, sjå elles post 1312, 1313, 1331, 1332 og 8000.

Langsiktig og kortsiktig gjeld

Postane 2160 og 2970 Uopptent inntekt

Her fører ein verdien av inntekter som rekneskapsmessig enno ikkje er opptent. Sjå også post 3500.

Postane 2180 og 2980 Andre avsetjingar for plikter

Her fører ein m.a. avsetjingar etter god rekneskapsmessig. Det er ikkje skattemessig frådragsrett for avsetjingane. Korreksjonar for skattemessige tilhøve kjem fram i skjemaet "Spesifikasjon av forskjellar mellom skattemessige og rekneskapsmessige verdier".

Post 2530 Refusjon skatt etter skattelova § 16-40

Her fører ein venta refusjon i samsvar med skattelova § 31 femte ledd som gjeld den parten av selskapet si skattepliktige inntekt (i rekneskapsåret og tidlegare år) som blir skattlagt som personinntekt på aktive aksjonærar sine hender. Sjå elles rettleiinga til postane 8310 og 0940.

Post 2600 Skattetrekk og andre trekk

Her fører ein skatt trekk av lønnsutbetalingar til tilsette. Her fører ein også skuldig bidragstrekk m.m.

Post 2800 Avsett utbytte

Her fører ein utbytte og årlig rente på grunnfondsbevis som er foreslått, men enno ikkje vedtatt av generalforsamlinga/ forstandarskapet m.m.

Side 4 i næringsoppgåva

Utrekning av næringsinntekt

Post 0610 Representasjonskostnader utan frådragsrett

Her fører ein den delen av kostnadsførte representasjonskostnader som ikkje kan trekkest frå ved inntektslikninga.

Post 0620 Kontingentar/gåver utan frådragsrett

Her fører ein kostnadsførte kontingentar og gåver som ikkje kan trekkest frå ved inntektslikninga.

Post 0630 Sum skattekostnad

Sum skattekostnad svarar til postane 8300, 8310, 8320, 8600 og 8620.

Post 0640 Rentekostnad på ilikna skatt

Her fører ein kostnadsførte renter på ilikna skatt. Slike renter er kan ikkje trekkest frå ved inntektslikninga.

Post 0650 Andre kostnader utan frådragsrett

Her fører ein eventuelle andre kostnader utan frådragsrett. Posten skal spesifiserast i eige vedlegg.

Her skal ein mellom anna føre endringar i rekneskapsprinsipp og korrigering av feil i tidlegare årsrekneskap som er ført direkte mot eigenkapitalen, og som skal ha inntektsverking. (Endringar som gir frådragsverking først i post 0810.)

Postane 0660 og 0820 Tilbakeføring av resultatdel vedr. investering i dotterselskap, tilknytt selskap og felleskontrollert verksemd

Ved bruk av eigenkapitalmetoden og bruttometoden skal resultatparten frå dotterselskap, tilknytt selskap og felleskontrollert verksemd tilbakeførast her. Resultatparten er rekneskapsmessig ført i post 8000, men skal ikkje påverke skattemessig resultat. Netto positivt resultat skal tilbakeførast i post 0820 og netto negativt resultat skal tilbakeførast i post 0660.

Utbytte for investeringar vurdert etter kostmetoden og inntektsført i post 8000 skal ikkje trekkest ut i post 0820.

Post 0670 Foreslått utbytte frå dotterselskap og tilknytt selskap ved bruk av eigenkapitalmetoden

For verksemdar som har kontrollerande innverknad i ei anna verksemd vil det vere god rekneskapsmessig å inntektsføre utbytte i det året avsetninga til utbyttet vert gjort. For verksemdar som verdset eigarpart etter eigenkapitalmetoden vil parten av utbyttet vere trekt ut i post 0820. Av skjemat tekniske grunnar skal eit slikt utbytte leggjast til i post 0670. Etter dette vil næringsinntekta/-underskotet vere korrigerert til berre å innehalde avsett utbytte frå dotterselskap og tilknytt selskap. Inntektsført avsett utbytte frå dotterselskap eller tilknytt selskap medfører ein midlertidig forskjell då utbyttet først er skattepliktig i vedtaksåret. Skjemamessig er denne midlertidige forskjellen plassert i post 71 i "spesifikasjonsskjemaet". Post 71 skal også fyllast ut ved bruk av kostmetoden når avsett utbytte er inntektsført rekneskapsmessig.

Postane 0680 og 0830 Tilbakeføring av verdireduksjon av marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar

Her skal verdiendringar av marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar tilbakeførast.

Verdiendringar er rekneskapsmessig kostnads-/inntektsført i post 8080, men skal ikkje påverke skattemessig resultat.

Postane 0690 og 0840 Rekneskapsmessig tap/rekneskapsmessig vinst ved realisasjon av aksjar og andre verdipapir

Her fører ein respektive det rekneskapsmessige tapet og den rekneskapsmessige vinsten ved realisasjon av aksjar m.m.

Postane 0700 og 0850 Skattemessig vinst/skattemessig tap ved realisasjon av aksjar og andre verdipapir

Her fører ein respektive skattemessig vinst og skattemessig tap ved sal av aksjar m.m. overført frå skjemaet "Oppgave over realisasjon av aksjar mv" (RF-1061).

Post 0710 Rekneskapsmessig nedskrivning på aksjar og andre verdipapir som er kostnadsført i året

Her skal rekneskapsmessig nedskrivning på aksjer tilbakeførast då slik nedskrivning skal førast som ein rekneskapsmessig kostnad som påverkar årsoverskotet/-underskotet utan at det er skattemessig fradragsrett for beløpet. Dersom tidlegare nedskrivning på aksjar er reversert, og dette er ført i resultatrekneskapsmessig, vil den inntektsmessige verknaden måtte førast til frådrag i post 0860.

Postane 0720 og 0870 Del av rekneskapsmessig underskot/del av rekneskapsmessig overskot i deltakarlikna selskap

Her skal den rekneskapsmessige resultatvirkningen av part i deltakarlikna selskap tilbakeførast. Resultatverknaden av den einskilde selskapsparten kan vere spreidd på fleire postar i resultatrekneskapsmessig, eller han kan vere ført på ein post i resultatrekneskapsmessig avhengig av kva metode som er brukt.

Postane 0730 og 0880 Del av skattemessig overskot/del av skattemessig underskot i deltakarlikna selskap

Her skal det korrigerast for skattemessig overskot/underskot i deltakarlikna selskap. Her fører ein respektive part av skattemessig overskot/underskot i deltakarlikna selskap. Beløpa skal overførast frå "Oppgave over deltakaren si formue og inntekt i ansvarleg selskap m.m." (RF-1221), eventuelt "Oppgave over deltakaren si formue og inntekt i kommandittselskap" (RF-1228).

Postane 0740 og 0890 Rekneskapsmessig tap/rekneskapsmessig vinst ved realisasjon av part i deltakarlikna selskap

Her skal respektive rekneskapsmessig tap/ vinst ført i resultatrekneskapsmessig ved sal av selskapspartar førast.

Postane 0750 og 0900 Skattemessig vinst/skattemessig tap ved realisasjon av part i deltakarlikna selskap

Her fører ein respektive skattemessig vinst/ tap ved sal av selskapspartar (vederlag - kostpris). Deltakarar i ANS mv overfører skattemessig vinst/tap frå post 208 i "Oppgave over deltakaren si formue og inntekt i ansvarleg selskap mv" (RF-1221). Deltakarar i kommandittselskap overfører skattemessig vinst/tap frå post 510 i "Oppgave over deltakarar si formue og inntekt i kommandittselskap m.m." (RF-1228).

Post 0800 Renteinntekt på tilbakebetalt skatt

Her fører ein renteinntekt til tilbakebetalt skatt. Slike renter er ikkje skattepliktig inntekt.

Post 0810 Andre frådrag

Her skal skattefrie offentlige tilskot trekkjast frå. Vidare skal det førast emisjonskostnader og endring pga av feil i tidlegare årsrekneskap som er ført direkte mot eigenkapitalen og som skal gi fradragsverknad. Endringar i rekneskapsprinsipp som skal førast direkte mot eigenkapital vil ikkje vere resultatført men påverkar balanseverdiar ført i skjemaet RF-1217 "Spesifikasjon av forskjellar...". Dette skal ikkje ha skattemessig verknad og må difor korrigerast her. Her førast også privat bruk av bil i næring når det ikkje har skjedd nokon kostnadsføring i resultatrekneskapsmessig.

Post 0815 Evt. egne sjukepengar førde som inntekt i resultatrekneskapsmessig

Dersom sjukepengar frå folketrygda er inntektsførde i rekneskapsmessig, skal beløpet førast tilbake her. Beløpet skal førast særskilt i sjølvmeldinga på postane 1.6.12/1.6.13/ 1.6.14 og 2.7.5/2.7.6/2.7.7.

Post 0930 Endring i skilnader som påverkar høvet mellom rekneskapsmessig og skattemessig inntekt frå post 100 i RF-1217

Her fører ein summen av endringar i skilnader som kjem fram i post 100 i skjemaet "Spesifikasjon av skilnader mellom rekneskapsmessig og skattemessig inntekt" (RF-1217). Dersom summen av endringer er positiv, skal beløpet leggjast til inntekta. Ein negativ sum skal trekkjast frå inntekta.

Post 0940 Sum, skal førast over til "Skjema for utrekning av person inntekt" (RF-1224)

Det skal reknast personinntekt for eigar og/eller ektefelle som har vore aktive i enkeltmannsføretak (sjølvstendig næringsdrivande), jf. sktl. § 12-10. Det skal sameleis reknast personinntekt for fysiske personar som har vore aktive i aksjeselskap eller deltakarlikna selskap når desse aktive personane eig minst 2/3 av aksjane/partane eller har krav på minst 2/3 av utbyttet/overskotet i selskapet, jf. sktl. § 12-10. Det må i slike høve fyllast ut eit eige skjema, RF-1224, der personinntekta skal reknast ut.

Den sum som kjem fram i post 0940 skal nyttast ved utrekning av personinntekt og overførast til skjemaet RF-1224 post 1.1. For deltakarlikna selskap skal det ikkje skje noko overføring frå post 0940. For deltakarlikna selskap skal i staden beløpet i post 0999 overførast til selskapsoppgåva, og beløp frå selskapsoppgåva skal overførast til skjemaet RF-1224.

Merk elles at føretaket skal svare ja eller nei på eit eige spørsmål på side 4 om det skal fastsetjast personinntekt av føretaket si inntekt eller ikkje.

Post 0950 Frådrag for renteinntekter og inntektsført avkastning på livsforsikring (Posten fylles ikkje ut av deltakarlikna selskap)

Her skal renteinntekter og inntektsført avkastning på livsforsikring tilbakeførast.

Post 0960 Tillegg for gjeldsrenter (Posten fylles ikkje ut av deltakarlikna selskap)

Her skal gjeldsrenter tilbakeførast.

Post 0970 Frådrag for aksjeutbytte (Posten fylles ikkje ut av deltakarlikna selskap)

Her fører ein aksjeutbytte frå norske selskap (med eller utan rett til godtgjersle) det året utbytte er beslutta utdelt. Aksjeutbytte frå utanlandske selskap førast også her.

Postane 0980 og 0990 For samvirkeføretak

Frådrag for kjøpsutbytte og avsetning til felleseigd partskapital for samvirkeføretak vert berre gitt i inntekt som skriv seg frå omsetning med medlemmer. Frådraget for avsetning til felleseigd partskapital vert gitt med 15 prosent av inntekta av omsetninga med medlemmer etter frådrag for kjøpsutbytte. Næringsinntekta frå omsetning med medlemmene finn ein fram til ved å multiplisere inntekt frå post 0940 i næringsoppgåva med omsetning med medlemmene (eksklusiv meirverdiavgift dividert på total omsetning (eksklusiv meirverdiavgift)).

Post 0999/0998 Næringsinntekt-/underskot skal overførast til sjølvmelding/ selskapsoppgåve

Merk at post 0999 (i skjema for 2000) nå er splitta i to - eit felt for overskot/inntekt og eit for underskott.

Overskot/inntekt

Den del av næringsinntekta som gjeld inntekt frå fiske og/eller fangst, skal overførast til sjølvmelding for aksjeselskap m.m. post 203/sjølvmelding for næringsdrivande post 2.7.3, medan resten av næringsinntekta skal overførast til post 204 respektive post 2.7.1 -2.7.7. Dersom inntekta er fordelt mellom desse postane, må fordelinga visast i eige vedlegg.

For ansvarlege selskap skal overskot overførast til "Selskapsoppgåve for ansvarlege selskap" (RF-1215) post 201 og for kommandittselskap til "Selskapsoppgåve for kommandittselskap m.m." (RF-1226) post 201.

Underskot

Underskot skal overførast til sjølvmeldinga for aksjeselskap mv. post 222/ sjølvmelding for næringsdrivande post 3.2.17, eventuelt til "Selskapsoppgåve for ansvarlege selskap" (RF-1215) post 201/ "Selskapsoppgåve for kommandittselskap m.m." (RF-1226) post 201.

Særskilt om etterberekna meirverdiavgift og investeringsavgift og om tidlegare etter berekna meirverdiavgift som er nedsett eller fråfalle

Etterberekna meirverdiavgift/investeringsavgift (bortsett frå dei avgiftsbeløpa som er etterberekna på grunn av differansar mellom omsetningsoppgåve og tala i rekneskapsmessig) skal førast i post 8400 i resultatrekneskapsmessig. Eventuelle renter og tilleggsavgift skal, uansett årsak til etterberekninga, også førast i post 8400.

Dersom etterberekna meirverdiavgift/investeringsavgift gjeld aktiveringspliktige driftsmidlar skal slike avgiftsbeløp aktiverast på vedkommande driftsmiddel.

Den del av etterberekninga som gjeld tilleggsavgift og utgåande/inngåande avgift av ikkje bokførte inntekter/kostnader skal tilbakeførast i post 0650. Det same gjeld etterberekning som gjeld inngåande avgift på kostnader som ikkje gir rett til frådrag, herunder private nyskaffingar.

Dersom den næringsdrivande i siste rekneskapsår har fått nedsett eller fråfalle tidlegare etterberekna meirverdi- og/eller investeringsavgift (med ev. renter og tilleggsavgift) eller dersom fylkesskattekontoret etter vedtak har gjennomført ein reduksjon av tidlegare års avgiftsberekning, og nedsetjinga ikkje skuldast differansar mellom omsetningsoppgåve og tala i rekneskapsmessig, skal slike nedsetjingar inntektsførast i post 8400 i resultatrekneskapsmessig.

Dersom nedsett eller fråfalle tidlegare etterberekna meirverdi- og/eller investeringsavgift gjeld driftsmidlar som er aktivert i rekneskapsmessig og avgiftsbeløpet tidlegare har vore aktivert, skal det kome til frådrag på saldoskopmaet.

Det skal leggjast ved næringsoppgåva ein spesifikasjon som viser føringa av etterberekna/evt. fråfalle eller nedsett meirverdi- og/eller investeringsavgift (med ev. renter og tilleggsavgift).

Rettleiing til utfylling RF-1052 Avstemming av eigenkapital o.a. for 2001

Skjemaet RF-1052 Avstemming av eigenkapitalen, skal fyllast ut av føretak som er pliktige til å brukenæringsoppgåve 2, 3 eller 4 eller friviljug brukarnæringsoppgåve 2.

Side 1 i skjemaet skal fyllast ut av alle aksjeselskap, allmennaksjeselskap mm. Det same gjeld bankar og finansieringsføretak mm samt forsikringsselskap mm.

Side 2 i skjemaet skal fyllast ut av einmannsføretak og deltakarlikna selskap som leverer næringsoppgåve 2.

Avstemming av eigenkapital for aksjeselskap, allmennaksjeselskap mv.

Post 102 Avsett utbyte o.l

Her fører ein utbyte som er avsett. For samyrkeføretak skal renter på grunnfondsbevis og kjøpeutbyte førast her.

Post 103 Motteke konsernbidrag

Her fører ein motteke konsernbidrag som er ført mot eigenkapitalen.

Post 104 Ytte konsernbidrag

Her fører ein konsernbidrag som er ytte og som er ført mot eigenkapitalen.

Post 106 Tingsinnskot

Her fører ein verdien på tingsinnskot. Ved nystifting av selskap eller høgding av aksjekapitalen i eksisterende selskap, er det verdien på gjenstanden som skal førast opp i post 106 tingsinnskot.

Ved omdanning frå einmannsføretak/deltakarlikna selskap skal den samla verdien på innskotet førast opp i posten for tingsinnskot.

Ved innfusjonering av selskap er det den samla rekneskapsmessige endringa av selskapet sin eigenkapital som følgje av fusjonen som skal førast i posten for tingsinnskot.

Post 107 Nedsetjing av aksjekapital kontantar / post 108 Nedsetjing av aksjekapital - andre eigneluter

Her fører ein beløpet som blir utbetalt til aksjonærane ved nedsetjing av aksjekapitalen.

Dersom nedsetjingsbeløpet ikkje er utbetalt til aksjonærane, men brukt til å dekkje tap, skal det førast "0" i beløpsfeltet.

Ved utfisjonering av selskap, er det den samla rekneskapsmessige endringa av selskapet sin eigenkapital som følgje av utfisjoneringa som skal førast opp som beløp i posten for nedsetjing.

Dersom selskapet eig egne aksjar og dei vert sletta, skal det ikkje førast opp noko beløp her.

Post 109 Aksjonærbidrag

Her fører ein motteke aksjonærbidrag (+) og ytte aksjonærbidrag (÷) som er ført mot eigenkapitalen.

Post 110 Gjeldsettergjeving

Dersom selskapet har fått ettergitt gjeld, skal beløpet som vert endra frå gjeld til eigenkapital førast opp her, når gjeldsettergjevinga ikkje er ført over resultatet.

Post 111 Kjøp av egne aksjar

Her fører ein beløpet som selskapet har betalt ved kjøp av egne aksjar i inntektsåret.

Post 112 Sal av egne aksjar

Ved sal av egne aksjar i inntektsåret, skal salssummen førast opp her under føresetnad av at salet er gjennomført som ein eigenkapital-transaksjon.

Dersom egne aksjer vert amortiserte (sletta), skal det ikkje førast opp noko beløp her.

Post 113 Prinsippendingar

Dersom selskapet har endra rekneskapsprinsipp, skal summen av prinsippendingar som er førte direkte mot eigenkapitalen førast her. Det er netto prinsippendingar etter frådrag for utsett skatt/utsett skattefordel som skal førast her.

Post 114 Andre endringar

Eventuelle andre endringar i eigenkapitalen som ikkje høver på nokon av dei ovanfor nemnde postane, skal førast her.

Andre opplysningar

Post 207 Innbetalt aksjekapital (inkludert overkurs)

Her skal ein føra innbetalt aksjekapital tillagt overkurs ved nytegning, jfr sktl § 10-11 (selv om overkursen helt eller delvis er brukt til å dekke stiftelseskostnader). Meininga med posten er å holda orden på kva som er innbetalt aksjekapital i høve til utbyttebeskatningsreglane og berekning av korreksjonsinntekt, jfr sktl 10-5, 2 ledd. Vidare er hensikten å halde orden på opprinneleg innbetalt aksjekapital i samanheng med reglane ved realisasjon av aksjar

Avstemming av eigenkapitalen for einmannsføretak og deltakarlikna selskap

Post 300 Eigenkapital 31.12 forrige år

Ved overgang frå næringsoppgåve 1 til næringsoppgåve 2 skal post 300 ikkje nyttast. Den rekneskapsmessige eigenkapital ved opparbeiding av balansen skal gjes opp i post 303 og/eller post 304.

Post 302 Privatkonto

Sjå forklaring under "Spesifikasjon av privatkonto for einmannsføretak og deltakarlikna selskap".

Post 303 Innskot av kontantar / post 204 Innskot av eigneluter

Her fører ein innskot av kontantar (post 203) og verdi på tingsinnskot (post 204 frå eigaren/deltakarane som er ført direkte mot eigenkapitalen).

Spesielt for deltakarlikna selskap:

Ved omdanning frå einmannsføretak til deltakarlikna selskap skal samla verdi på innskotet førast opp i posten for tingsinnskot.

Post 305 Frådragsførte kostnader ved bruk av privat bil etter sats

Dersom det i resultatrekneskapsprinsipp, skal summen av prinsippendingar som er førte direkte mot eigenkapitalen førast her.

Post 306 Prinsippendingar

Dersom føretaket har endra rekneskapsprinsipp, skal summen av prinsippendingar som er førte direkte mot eigenkapitalen førast her.

Post 307 Andre eigenkapitalkorreksjonar

Her skal ein føre andre eigenkapitalkorreksjonar som ikkje høver ovanfor. Som eksempel på andre eigenkapitalkorreksjonar kan nemnast; Dersom frådrag for heimkontor er kostnadsført etter standardbeløp i resultatrekneskapsprinsipp, skal ein føre same beløpet her.

Spesifikasjon av privatkonto for einmannsføretak og deltakarlikna selskap

Her skal det setjast opp ein nærare spesifikasjon av privatkontøen. Eigaren sine uttak og private kostnader som er førte i rekneskapsprinsipp til verksemda, skal ein føre her.

For deltakarlikna selskap er det summen av alle deltakarane sine privatkontoar som skal førast her.

Spesifikasjon av fordeling av inntekt mellom ektefellar når dei driv felles bedrift

Dersom overskotet i einmannsføretaket skal delast etter reglane i skattelova § 2-11 tredje leddet, skal fordelinga av inntekta spesifiserast her.

Fordelinga må som utgangspunkt og hovudregel svare til ektefellane sin arbeidsinnsats og deltaking i verksemda.

Føretak som går over frå å ha avgrensa rekneskapsplikt i 2000 til full rekneskapsplikt i 2001

Slike føretak vil ikkje ha nokon inngåande rekneskapsmessig eigenkapital. Eigenkapital pr 31.12. siste året vert å setje til 0.

Ved omarbeiding av balansen frå skattemessige verdiar til rekneskapsmessige verdiar, skal heile summen av den rekneskapsmessige eigenkapitalen førast i post 204 innskot eigneluter.



Statistikk for tenesteytande næringer 2001

Vedlegg C
Appendix C

Merk: Kopi av Næringsoppgåve 1 eller 2, eller Rekneskapskjema, skal leggjast ved skjema dersom ikkje Næringsoppgåve blir levert elektronisk til skatteetaten!

Viktig: Skjemaet skal lesast maskinelt, **bruk blå eller svart penn** og skriv tala slik:

1	2	3	4	5	6	7	8	9	0
---	---	---	---	---	---	---	---	---	---

Sjølv om føretaket berre har vore **i drift ein del** av 2001, må du likevel svare. Om føretaket har vore **ute av drift heile 2001**, kryss av i boksen under, skriv under og send inn skjema.

Føretaket er plassert i næring:

Dersom næringa er feil, ver vennleg og gjer greie for arten av verksemda:

Den registrerte offisielle e-post-adressa til føretaket er:

Dersom ho manglar eller er feil, før ho opp i rubrikken under (bruk store bokstavar):

--

Er verksemda i føretaket:	<input type="checkbox"/> I vanleg drift	<input type="checkbox"/> Mellombels ute av drift, frå dato:	dd	mm	åå	<input type="checkbox"/> Lagt ned, dato:	dd	mm	åå
	<input type="checkbox"/> Under oppbygging	<input type="checkbox"/> Selt/overdrege (sjå nedanfor), dato:							
Verksemda er selt/overdrege til (namn og organisasjonsnummer til føretaket):							Eigeform pr. 31.12.01:		
Dersom adresse- ending, fyll ut:	Gateadresse: Gate eller stad:	Postnr.:	Poststad:	Kommune:					
	Postadresse: Postboks, gate eller stad:	Postnr.:	Poststad:	Kommune:					

Sysselsetjing

1.1 Eigarar og familiemedlemmer som dagleg arbeider i føretaket utan fast løn (gjeld berre enkeltmannsfirma og ansvarleg selskap). Gjennomsnitt i året. Ingen som føretaket betaler arbeidsgjevaravgift for, skal med her. Desse går inn under 1.2.

--

1.2 Lønstakarar, dvs. alle som arbeider for arbeidsgjevaren og mottek løn, gratiale o.l. inkl. dei som er fråverande for ein kort periode (permisjon med løn, sjukdom, ferie, streik), deltidstilsette, sesongarbeidarar, utleigd arbeidskraft o.l. Dei som er fråverande for ein lang eller ubestemt periode og innleigd arbeidskraft skal ikkje vere med. Rekn ut gjennomsnittet av desse fem månadene, rund av til næraste heile tal.

Februar	April	Juni	September	November	Sum	
<input type="text"/>	: 5 = <input type="text"/>					

1.3 Totalt tal sysselsette (1.1 + 1.2)

--

1.4 Talet på utførte årsverk av lønstakarane, dvs. sum av alle heiltidstilsette og deltidstilsette rekna om til kor mange heiltidstilsette (årsverk) dei tilsvare i året (med éin desimal). Døme: Ein lønstakar som arbeider ein dag pr. veke heile året, utgjer 0,2 årsverk.

--

Handelsvarer

i 1 000 kroner

Med handelsvarer meiner ein innkjøpte varer som blir selde vidare, i eige namn og for eige rekning, utan å bli arbeidd med i føretaket. Salsinntekter og varekostnader for eigenproduserte varer og tenesteaktivitetar skal ikkje vere med. (NO vil si Næringsoppgåve.)

2.1 Omsetning av handelsvarer, verdsett til salspris utan mva. Spesielle offentlege avgifter som går inn i salsprisen skal ikkje trekkjast frå, spesielle offentlege tilskot skal ikkje leggjast til.

2.2 Varekostnad utan mva. for selde handelsvarer. Gje opp verdien av forbruket verdsett til innkjøpspris. Dette tilsvarer den delen av post 4005 i NO som gjeld handelsvarer. Spesielle offentlege avgifter på handelsvarer skal ikkje leggjast til, spesielle offentlege tilskot skal ikkje trekkjast frå i varekostnaden.

⊥

2.3 Brutto fortjeneste (pkt. 2.1 - 2.2)

Særskilde opplysingar

i 1 000 kroner

3.1 Inntekter frå eksport av tenester. Sal av tenester er eksport når kjøpar har adresse i utlandet, sjølv om sjølve tenesta blir utført i Noreg. All form for verksemd er teneste i denne samanheng, sett bort frå sal av handelsvarer og eigenproduserte varer. Royalty-, kommisjon- og provisjonsinntekter frå utlandet skal vere med, samt godtgjering frå utlandet for å stille franchisekonsept til disposisjon. Transport-, forsikrings- og finansieringstenester skal ikkje vere med.

3.2 Kostnad for import av tenester: Kjøp av tenester er import når seljar har adresse i utlandet, sjølv om sjølve tenesta blir utført i utlandet. All form for verksemd er teneste i denne samanheng, sett bort frå kjøp av varer. Royalty-, kommisjon- og provisjonskostnader til utlandet skal vere med, samt kostnad til utlandet for å få stilt franchisekonsept til disposisjon. Transport-, forsikrings- og finansieringstenester skal ikkje vere med.

3.3 Internleveransar innanfor føretaket. Berre føretak med fleire bedrifter fyller ut denne posten. Med internleveransar meiner vi den totale verdien av leveransar av varer og tenester frå den enkelte bedrifta til dei andre bedriftene i føretaket. Bruk marknadsprisar ved utrekninga, og gje gjerne overslag.

Investeringar, aktiverte og fullførte i året. Levetid meir enn eitt år

i 1 000 kroner

Sjå rettleiinga for nærare forklaring. NO vil si Næringsoppgåve.

⊥

Tilgangar av nye og brukte driftsmiddel, kjøp og påkostingar inkl. aktiverte eigenarbeid.

Avgangar til salspris

4.1 Maskiner, verktøy, reiskapar, inventar og programvare (investeringar som påverkar NO-postane 1280 + 1205 ekskl. personbilar + 1290)

4.2 Transportmiddel (investeringar som påverkar NO-postane 1221 + 1225 + 1239 + personbilar i 1205)

4.3 Bygningar og anlegg inkl. bustader (investeringar som påverkar NO-postane 1105 + 1115 + 1160)

4.4 Ubygd tomt/grunn (investeringar som påverkar NO-postane 1150 og 1140/NO1)

Leasing

i 1 000 kroner

4.5 Verdien av **fysiske driftsmiddel som er skaffa ved finansiell leasing** (del av post 4.1, 4.2 og ev. 4.3) Sjå rettleiinga for nærare forklaring.

Programvare

i 1 000 kroner

5.1 Innkjøpt programvare ("software").

Her inngår sum av alle utgifter (investeringar og kostnader ekskl. avskrivningar) til kjøp av standard programvare og særskild tilpassa eller utvikla programvare. Lisensavgifter og tenester direkte knytt til kjøpet (installering, testing, vedlikehald) skal vere inkludert. Programvare som er kjøpt saman med maskinutstyr skal berre vere med dersom ho ikkje er inkludert i prisen på maskiner og utstyr. Nytt skjønn dersom det er naudsynt.

Totale utgifter

herav aktivert

⊥

5.2 Eigenutvikla programvare ("software") for eigen bruk.

Denne posten omfattar totale utgifter, investeringar og kostnader inkl. lønskostnader, men utan avskrivningar, for eigenutvikla programvare til eigen bruk, ikkje for sal. Kjøp av programvare og utvikling av programvare for kundar skal ikkje vere med. Nytt skjønn dersom det er naudsynt.

Totale utgifter

herav aktivert

Fordeling av tal for føretaket på ulike bedrifter (avdelingar). Berre føretak med fleire bedrifter fyller ut dette. Før på eventuelle nye bedrifter med dato for oppstarting, adresse og andre relevante opplysningar. **Nedlagte/selde bedrifter må** påførast dato for nedlegging/sal. Bruk eige ark dersom det er naudsynt.

Bedrift: Ein lokalt avgrensa funksjonell del av eit føretak som hovudsakleg driv verksemd innanfor ei bestemd næringsgruppe. To lokale einingar med ulik adresse innanfor same kommune/postnummer blir rekna som to bedrifter. Ei lokal eining som driv verksemd innanfor fleire forskjellige næringsgrupper, blir delt i fleire bedrifter.

6.1 Sysselsetjing: Talet på sysselsette frå post 1.3 i skjemaet.

6.2 Lønnskostnader: Sum av NO-postane 5000, 5400, 5420 og 5900.

6.3 Omsetning: Sum av NO-postane 3000, 3100, 3200, 3500 (berre NO2), 3600, 3695, 3700 og 3900.

6.4 Produktinnsats: Sum av alle driftskostnader minus varekostnad for selde handelsvarer, lønskostnader, av- og nedskrivningar, tap ved avgang av anleggsmiddel og tap på fordringar.

6.5 Investeringar. Tilgangar: Sum av tilgangar for postane 4.1, 4.2 og 4.3 i skjemaet.

6.6 Investeringar. Avgangar: Sum av avgangar for postane 4.1, 4.2 og 4.3 i skjemaet.

6.7 Internleveransar: Sjå post 3.3.

Sjå rettleiinga for nærare forklaring. NO vil si Næringsoppgåve.

⊥

Ident	Adresse/karakteristikk	NACE (nærings- kode)	6.1 Syssel- setjing, fordel post 1.3	Prosentfordeling, med to desimalar					
				6.2 Løns- kostnader	6.3 Omset- ning	6.4 Produkt- innsats	Investeringar		6.7 Intern- leveransar
							6.5 Til- gangar utan tomt	6.6 Av- gangar utan tomt	
				,	,	,	,	,	,
				,	,	,	,	,	,
				,	,	,	,	,	,
				,	,	,	,	,	,
				,	,	,	,	,	,
				,	,	,	,	,	,
				,	,	,	,	,	,
				,	,	,	,	,	,
				,	,	,	,	,	,
				,	,	,	,	,	,
				,	,	,	,	,	,
				,	,	,	,	,	,
				,	,	,	,	,	,
				,	,	,	,	,	,
				,	,	,	,	,	,
				,	,	,	,	,	,
				,	,	,	,	,	,
				,	,	,	,	,	,
				,	,	,	,	,	,
				,	,	,	,	,	,
				,	,	,	,	,	,
				,	,	,	,	,	,
				,	,	,	,	,	,

⊥



Statistikk for tenesteytande næringar 2001

Generell informasjon.

Kven får skjema?

Dette skjemaet blir sendt ut til eit utval av føretak innan forretningsmessig tenesteyting. Føretak som berre har vore i drift delar av året, må gi oppgåve for den tida dei har vore i drift. Føretak som har vore ute av drift heile året, må vere vennleg å gi Statistisk sentralbyrå melding om dette på første sida av skjemaet innan fristen slik at ein kan unngå puringar.

Oppgåveplikt og klagerett

Oppgåvene blir samla inn av Statistisk sentralbyrå med heimel i §2-2(1) i lov om offisiell statistikk og Statistisk sentralbyrå av 16. juni 1989 nr. 54 delegasjonsbrev frå Finansdepartementet datert 13. februar 1990. Alle føretak som får tilsendt skjema, har plikt til å sende inn oppgåver. Dersom De meiner at De ikkje har plikt eller lov til å gi oppgåver, kan De klage over pålegget innan 3 veker. Klageretten gjeld ikkje spørsmålet om oppgåveplikta er rimeleg eller naudsynt. Oppgåvene er undergitt teieplikt etter §2-4 i statistikkloven.

Statistisk sentralbyrå vil bruke opplysningane til å utarbeide offisiell statistikk og til statistisk bruk for forskning og offentlig planlegging. Bruk av innsamla data vil skje i samsvar med krav stilt av Datatilsynet. Opplysningane vil bli tekne vare på og eventuelt øydelagt på ein trygg måte.

Tvangsmulkt

Etter lov om offisiell statistikk og Statistisk sentralbyrå §2-3, har Statistisk sentralbyrå mynde til å påleggje tvangsmulkt til oppgavegjevarar som ikkje gir opplysningar innan ein oppgitt frist. Vi gjer merksam på at plikta til å gi opplysningar ikkje fell bort sjølv om tvangsmulka blir betalt.

Legg ved Næringsoppgåve (NO)

Kopi av Næringsoppgåve for inntektsåret 2001, eller Rekneskapskjema 2001 skal leggjast ved berre dersom Næringsoppgåve ikkje leverast elektronisk til skatteetaten (vedlegg til sjølvmeldinga). Dersom skjemaet ikkje er tilgjengeleg innan fristen for innsending av denne oppgåva, må ho bli sendt etter. Legg i så fall ved ein beskjed om når Næringsoppgåva vil bli sendt.

Dersom ikkje kopi av Næringsoppgåve blir lagt ved, må **Rekneskapskjema** bli fylt ut og sendt inn. Rekneskapskjema omfattar rundt halvparten av alle postane i Næringsoppgåva, skjemaet kan ein få frå Statistisk sentralbyrå.

NB: Vi anbefaler å jamføre med opplysningane i Næringsoppgåve ved utfyllinga.

Rettleiing til enkelte av postane i spørjeskjemaet

Investeringar

Her fører ein investeringar i driftsmiddel med levetid på minst eitt år. Ein skal ta med investeringar i så vel nye som brukte kapitalvarer som er kjøpte frå andre føretak til eige bruk. Kostnader til design, transport og installering o.l, samt investeringsavgift og ev. særavgifter skal reknast med. Ein skal ikkje ta med meirverdiavgift som kan trekkjast frå, finanskostnader og oppnådde skattefordelar (t.d. for investering i meir miljøvennlegutstyr). Investeringsbeløpa skal vere dei same som er nytta ved utrekning av anleggsverdiar i NO (konkrete tilvisingar følgjer lenger ned i rettleiinga).

Felles for spørsmål 4.1, 4.2 og 4.3:

I kolonnen **tilgangar** tek ein med alle dei nye varige driftsmidla som er skaffa i året, og som er ferdigstilte, utan investering i urörd eigedom. (Tomt/grunn utan bygg, anlegg etc.)

I tillegg inngår alle dei **aktiverte** påkostnadene og hovudreparasjonane som er kjøpt og utført av andre, og/eller utførte av egne tilsette på egne driftsmiddel. Ta med både material- og lønskostnader pluss ev. felleskostnader. Ta ikkje med faste kostnader til reparasjonar og vedlikehald.

Ved kjøp skal ein nytte kostpris (kjøpspris) ved verdsetjinga av driftsmidlet, ved eigenproduksjon nyttar ein produksjonskost. Driftsmidlet blir rekna som kjøpt når det er *motteke*. Ikkje-ferdigstilte innkjøp skal ikkje reknast med.

Tilgangar inkluderer driftsmiddel som er skaffa ved finansiell leasing og som er førte som egedel i balansen, sjå spørsmål 4.5.

I kolonnen **avgangar** skal ein føre opp salsverdien av brukte driftsmiddel som er selde i året. Beløpet skal førast opp medrekna investeringsavgift. Driftsmidla blir rekna som selde når dei er *leverte*.

Tilgangar og avgangar av aktiverte investeringar skal fordelast på driftsmiddelgrupper (4.1, 4.2 og 4.3), tomter førast for seg i 4.4.

4.1: Maskiner, verkøy, reiskapar og inventar

Dette inkluderer produksjonsmaskiner (anleggsmaskiner etc.), kjøretøy som er anleggsmaskiner (truckar, vegskrapar, vegvalsar, mobilkraner, dumparar m.m.), ikkje-registreringspliktige kjøretøy og kjøretøy som ein berre har lov til å bruke utanfor offentleg veg/på arbeidsområdet, andre maskiner (reingjeringsutstyr, stimplingsur, alarmanlegg, teiknemaskiner, video, TV, datamaskiner m.m.), møblar og inventar, samt tilleggsutstyr som følgjer med. Investeringar i innkjøpt programvare tek ein *berre* med dersom dei er aktiverte

4.2: Transportmiddel

"Transportmiddel" omfattar personbilar, vogntog, lastebilar, drosjer (bilar som hovudsakeleg blir brukt til drosjeverksemd), tankbilar, kranbilar, skip, fly, helikopter etc. Ta ikkje med anleggsmaskiner (går inn under post 4.1).

4.3: Bygningar og anlegg inkl. bustadbygningar

Posten inkluderer alle typar bygningar og anlegg. Dersom tomt og grunn inngår i ein investering i bygg eller anlegg og det ikkje er mogleg å skilje ut verdien av tomt og grunn, tar ein heile investeringa med under bygg og anlegg dersom verdien av tomt og grunn utgjer mindre enn 50 prosent av verdien. Dersom tomt og grunn har størst verdi, skal heile investeringa førast i post 4.4.



Strukturundersøking 2001

Vedlegg D
Appendix D

┌

└

Sjøl om verksemda berre har vore **i drift ein del** av 2001 må du likevel svare. Om verksemda har vore **ute av drift heile 2001**, kryss av i boksen nedanfor, undertekn og send inn skjema.

Viktig: Skjemaet skal lesast maskinelt, **bruk blå eller svart penn** og skriv tala slik:

1,2,3,4,5,6,7,8,9,0

Hjelp til utfyllinga kan du få når du ringjer:

Verksemda er plassert i næring:

Dersom dette er galt, ver vennleg å gjere greie for arten av verksemda:

Dersom e-postadressa ved adressefeltet over manglar eller er feil, før opp den offisielle e-post-adressa til føretaket (bruk store bokstavar):

Er verksemda i føretaket:	<input type="checkbox"/> I vanleg drift	<input type="checkbox"/> Mellombels ute av drift, frå dato:	dd	mm	åå	<input type="checkbox"/> Lagt ned, dato:	dd	mm	åå
	<input type="checkbox"/> Under oppbygging	<input type="checkbox"/> Selt/overdrege (sjå nedanfor), dato:							
Verksemda er selt/overdrege til (namn og organisasjonsnummer til føretaket):							Eigeform pr. 31.12.01:		
Dersom adresse- endring, fyll ut:	Gateadresse:	Gate eller stad:	Postnr.:	Poststad:	Kommune:				
	Postadresse:	Postboks, gate eller stad:	Postnr.:	Poststad:	Kommune:				

1. Sysselsetting for føretaket i 2001

Rekne ut gjennomsnittleg tal på lønnstakarar/eigarar i året for føretaket ved å summere talet på lønnstakarar/eigarar ved utgangen av februar, april, juni, september og november og dividere med 5. Døme: Talet på sysselsette ved utgangen av februar var 8, april 9, juni 7, september 11 og november 10. Det gjev 9 i gjennomsnitt $((8+9+7+11+10)/5 = 9)$. Avrund til nærmaste heile tal.

1.1. Eigarar av enkeltmannsfirmar eller ansvarleg selskap og familiemedlemmer eller andre utan fast lønn som dagleg arbeider i føretaket (gjennomsnitt i året). **Les rettleiinga på siste side..**

1.2. Lønnstakarar (gjennomsnitt i året). **Les rettleiinga på siste side.**

1.3. Totalt tal sysselsette (1.1 + 1.2)

Rettleiing

Bedriftsinndeling

Dersom ei juridisk eining driv verksemder på fleire lokalt åtskilde stader (adresser), skal det vere registrert ei bedrift for kvar av desse. Tilsvarande skal det vere registrert fleire verksemder dersom ei juridisk eining driv verksemder i ulike bransjar på same stad og kvar bransje sysselset minst fem personar på heiltid eller deltid. Unnateke frå denne regelen er mellom anna transport og byggje- og anleggsverksemd. For desse næringane skal det berre registrerast ei verksemd for kvar adresse der det er faste avdelings-/administrasjonskontor.

Næring

Næringsopplysningane som er utfylte i førehand på skjemaet er henta frå Einingsregisteret. Grupperingane er utførte etter standard for næringsgruppering (SN94).

Dersom beskrivinga av næringa er feil, vil vi at du rettar dette i skjemaet. Gi ei så nøyaktig beskriving som mogleg av den verksemda som blir utført. Gi derfor opp kva slags varer som blir produserte, kva slags varer som blir selde og/eller tenester som blir utførte.

Døme kan vere:

- Butikkhandel med daglegvarer
- Hotell med restaurant
- Reisebyråverksemd



Syssetjing

Du skal gi opp syssetjing for heile føretaket samla og for kvar av bedriftene.

1.1 Eigarar av enkeltmannsfirma eller ansvarleg selskap og familiemedlemmer eller andre utan fast lønn som dagleg arbeider i føretaket (gjennomsnitt i året).

Her inngår alle syssette som ikkje er lønnstakarar, det vil seie eigarar av enkeltmannsfirma eller ansvarleg selskap, familiemedlemmer eller andre utan fast lønn som dagleg arbeider i føretaket o.l. Medeigarar i aksje- og partslag som har lønt arbeid i føretaket skal ikkje vere med (desse går inn under lønnstakarar i 1.2). Det same gjeld familiemedlemmer til eigarar av enkeltmannsfirma eller ansvarleg selskap som har fast avtalt lønn (går og inn under 1.2).

1.2 Lønnstakarar (gjennomsnitt i året).

Ta med alle personar som arbeider for arbeidsgivaren, og som har ei tilsetjingskontrakt og får kompensasjon for utført arbeid i form av lønn, gasje, honorar, gratiale, naturalytingar o.l. Dette inkluderer personar som er fråverande for ein kort periode og streikande, men ikkje dei som er fråverande for ein lengre eller ubestemt tidsperiode av annan grunn. Omgrepet inkluderer deltidstilsette, sesongarbeidarar, lærlingar og heimearbeidarar, men ekskluderer innleigd arbeidskraft.



Tidligere utgjeve på emneområdet

Previously issued on the subject

Norges offisielle statistikk (NOS)

Official Statistics of Norway

Forretningsmessig tjenesteyting

Business Services

B	204	1979
B	285	1980
B	391	1981
B	470	1982
B	577	1983
B	620	1984
B	663	1985
B	752	1986
B	825	1987
B	896	1988
B	964	1989
C	48	1990
C	96	1991
C	174	1992
C	261	1993
C	337	1994

Statistikk over eiendomsdrift, forretningsmessig tjenesteyting og utleievirksomhet 1995

Real Estate, Renting and Business Activities

C	412	1995
C	532	1996
C	596	1997
C	637	1998
C	686	1999
C	726	2000

NOS Arkitektvirksomhet og byggeteknisk konsulentvirksomhet

Architectural and Other Technical Services Connected with Construction

B	147	1978
B	187	1979
B	262	1980
B	331	1981
B	471	1982
B	537	1983
B	576	1984
B	639	1985
B	735	1986
B	823	1987
B	895	1988

Omsetningsindeks for forretningsmessig tjenesteyting (verdiindeks): Vert utgjeve kvart kvartal på Internett.

Dei sist utgitte publikasjonane i serien Noregs offisielle statistikk

Recent publications in the series Official Statistics of Norway

- C 748 Arbeidskraftundersøkelsen 2001 *Labour Force Survey 2001*. 2003. 72s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-5246-6
- C 749 Inntektsstatistikk for personer og familier 1999-2000 *Income Statistics for Persons and Families 1999-2000*. 2003. 60s. 140 kr inkl.mva. ISBN 82-537-5248-2
- C 750 Inntekts- og formuesstatistikk for husholdninger 2000 *Income and Property Statistics for Households 2000*. 2003. 93s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-5250-4
- C 751 Norwegian Standard Classification of Education. Revised 2000. 2003. 209s. 230 kr inkl.mva. ISBN 82-537-5256-3
- C 752 Utenrikshandel 2001 *External Trade 2001*. 2003. 153s. 190 kr inkl. mva. ISBN 82-537-5259-8
- D 188 Kvartalsvis ordrestatistikk for industrien *Quarterly Statistics on New Orders 1996-2002*. 2003. 30s. 115 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6224-0
- D 189 Dødsårsaker 1991-2000 *Causes of Death 1991-2000*. 2003 76s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6235-6
- D 242 Kvartalsvis lagerstatistikk for industrien 1996-2002 *Quarterly Statistics on Stocks 1996-2002*. 2003. 26s. ISBN 82-537-6366-2
- D 243 Produksjonsindeks for industri og bergverksdrift, olje- og gassutvinning og kraftforsyning 1996-2002. *The Production Volume Index; Manufacturing, Mining and Quarrying, Oil and Gas Extraction and Electricity Supply 1996-2002*. 2003. 44s. 115 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6371-9
- D 244 Statistisk årbok 2003.2003. 544s. 260 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6387-5
- D 246 Voksenopplæring. Studieforbund og fjernundervisningsinstitusjoner. 2003. 29s. 115kr inkl.mva. ISBN 82-537-6391-3
- D 247 Sjølvmeldingsstatistikk 2001 *Tax Return Statistics 2001*. 2003. 79s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6394-8
- D 248 Inntekts- og formuesstatistikk for husholdninger 2001. *Income and Property Statistics for Housholds 2001*. 2003. 93s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6396-4
- D 249 Regnskapsstatistikk 2000. Aksjeselskaper. *Accounts Statistics 2000. Joint Stock Companies*. 2003. 52s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6398-0
- D 250 Sosialhjelp, barnevern og familievern 2001 *Social Assistance, Child Welfare Statistics and Family Counselling Services 2001*. 2003. 80s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6400-6
- D 251 Omsetningsstatistikk for olje- og gassutvinning, bergverksdrift, industri og kraftforsyning. 2003. 28s. 115 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6402-2
- D 252 Lakse- og sjøaufisike 2002 *Salmon and Sea Trout Fisheries 2002*. 2003. 31s. 115 kr inkl.mva. ISBN 82-537-6404-9
- D 253 Svalbardstatistikk 2003 *Svalbard Statistics 2003*. 2003. 228s. 230 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6406-5
- D 254 Nasjonalregnskapsstatistikk 1995-2002. Institusjonelt sektorregnskap. 2003. 59s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6411-1
- D 255 National Accounts 1995-2002. Institutional Sector Accounts. 1995-2002. 2003. 61s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6414-6
- D 256 Avfallsregnskap for Norge 1993-2000.2003. 28s. 115 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6416-2
- D 257 Nasjonalregnskapsstatistikk 1995-2002. Produksjon, anvendelse og sysselsetting. 2003 129s. 155 kr inkl.mva. ISBN 82-537-6418-9
- D 258 National Accounts 1995-2002. Production, Uses and Employment. 2003. 79s. 140 kr inkl.mva. ISBN 82-537-6420-0
- D 259 Fiskeoppdrett 2001 *Fish Farming 2001*. 2003 76s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6422-7